indremisjons

# Venen

ORGAN FOR INDREMISJONSSAMSKIPNADEN
03 - 2019

Med Årsmelding 2018

**VELKOMEN TIL SOMMARENS STORSAMLING**

*Årsmøte på Stord 21. - 23. juni*

ims
Indremisjonssamskipnaden
*Med Guds ord til folket*



# For vent ning

Venen 2019 - 3 første del.indd 1 10.05.2019 00:31:24

Vi vil bygga varme inkluderande fellesskap,
vinna nye for Jesus, og gjera dei til Hans disiplar.

ims
Indremisjonssamskipnaden
Med Guds ord til folket

Layout: Jan-Ove Fagerheim
Trykk: Haugesund Bok og Offset A/S
Red.: Marit H. Ådnanes
Indremisjonssamskipnaden
Postboks 150, 5401 STORD
Tlf.: 53 41 07 04
Fax: 53 41 27 40
Bankgiro: 8220.02.80454
Opningstider Indremisjonskontoret:
Måndag – torsdag: 09.00 – 15.00
Fredag: Stengt
Heimeside: www.indremisjonen.no
E-post: post@indremisjonen.no
www.facebook.com/Indremisjons-samskipnaden

**IMS-styret:**
Ole Bernar Innvær, formann
Liv Ingunn H. Medhaug, nestformann
John Morten Espevik
Brit Gjerde Voster
Bjørn Saghaug
Olaug Fagerheim
Bernt Arild Gjøvåg

Vara:
Marte Kvilhaugsvik
Oddvar Torget
Åse Farestveit

**Helgatun**
5713 VOSSESTRAND
Telefon: 56 51 98 98
Telefax: 56 51 98 99
Bankgiro: 8220.02.80497
Dagleg leiar: Jorunn F. Johannessen
Heimeside: www.helgatun.no

**Brandøy**
5584 BJOA
Telefon: 53 76 98 81
Bankgiro: 8220.02.80470
Dagleg leiar: Andreas C. Våge
Heimeside: www.brandoy.no

**Framnes KVGS**
5600 NORHEIMSUND
Telefon: 56 55 05 00
Telefax: 56 55 13 92
Bankgiro: 8220.02.80292
Rektor: Harald Voster
Heimeside: www.framnes.vgs.no

**SunnBok**
Postboks 23, 5401 Stord
Telefon: 53 41 20 01
www.sunnbok.no

**Framside-foto:**
Leirvik
Foto: Guri Bjørnevik

# Gir glede og fellesskap

Marit H. Ådnanes
*Dagleg leiar*



**Det er mykje** som kan gi både glede og fellesskap. I dag snakkar eg om det å vera i teneste som frivillig. I kvart nummer av Venen er det mange eksempel på folk som bidrar på ulikt vis. I dette nummeret ser me det frivillige gjennom leiarane i ConTeenNew, folk som er med på «Ein god dag» i Norheimsund, leiarar på Vårtreff, Sisterhood og Sunnhordlandsmusikken, leirleiarar, alle som bidrar under Sommarens Storsamling, alle som er med i ulike styrer m.fl.

**I 2018 kom boka** «Vi vil» av Øystein Gjerme ut. Den handlar nettopp om frivillighet i menigheten. Her møter me ulike menneske som tener inn i det kristne fellesskapet. Det går igjen at tenesta gir glede, tilhøyrsel og oppleving av fellesskap. Det bidrar til god sjølvkjensle, og det er godt for psyken å vera der for andre.

**Kulturen i dag er individualistisk**, medan fokuset i forsamlinga er på fellesskapet. Det er eit «me» i staden for «eg». Sidan me vert prega av kulturen me lever i, kan me også ta denne tankegongen inn i fellesskapet. Me blir forbrukarar. Men disippelskap handlar om å delta. Korleis kan eg vera med å bygga fellesskapet i forsamlinga? Korleis kan eg i ein travel kvardag prioritera tid og krefter inn i fellesskapet? «Spør ikkje kva landet ditt kan gjera for deg, spør hva du kan gjera for ditt land», sa John F. Kennedy i sin innsettingstale januar 1961. Denne tankegongen gjeld også inn mot fellesskapet på bedehuset. Det første gjer meg til ei passiv brikke, medan det andre gjer meg til ein aktiv deltakar.

**Jesus starta ein bevegelse av vanlege menneske**, som skulle bli fylt av Den Heilage Ande, og på den måten bidra til å utbre Guds rike over jorda. Det kan vera ulik motivasjon for å bidra. Oppdraget i Matteus 4, 19-20 er kanskje eit utgangspunkt for mange, der Jesus seier: «Kom, følg meg, så skal eg gjera dykk til menneskefiskarar!» Med ein gong gjekk dei ifrå garna sine og følgde han. Oppdraget var å nå ut til andre enn seg sjølv, og det var difor dei meldte seg. I evangelia kan me sjå progresjon i involvering og engasjement hos disiplane. Slik kan også me gjennomgå modning og fasar i tenesta. Det skulle gå 14 år frå Paulus si omvending til han starta sitt omfattande misjonsprogram. Sjølv veit me lite om Jesus før fylte 30 år. Det står ein setning i bibelen frå tidleg tenår til han kom inn i aktiv teneste: «Og Jesus gjekk fram i alder og visdom og var til glede for Gud og menneske» (Lukas 2, 52).

**Det er mykje lærdom** å henta i boka til Gjerme. Den anbefalast! Her kan du lesa meir om korleis me på ein god måte kan følgja opp frivillige. Har me avklart oppgåver og forventningar? Eit anna viktig spørsmål er korleis det frivillige arbeidet kan vera sunt og berekraftig. Korleis kan me unngå den klassiske fallgruva at nokre få veldig engasjerte og pliktoppfyllande personar endar med å gjera mesteparten av arbeidet. Ofte er det slik at 20 prosent av menneska gjer 80 prosent av arbeidet. Men det var ikkje slik Gud hadde tenkt det. Gud har gitt ulike nådegåver til kvar enkelt slik at alle har noko å bidra med (1. Kor. 12). Det er nettopp det å få tena med si nådegåve som for mange gir glede i livet. Lukke til med di teneste!

Grafen viser ein nedgong i gåveinntektene dette året. For å halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid er vi avhengig av gåver, og det er fleire måtar du kan støtta arbeidet på. Du kan bruka Vipps til nr. 102696, du kan gje til kontonummer 8220.02.80454 eller du kan nytta deg av Fast Gjevarteneste med Skattefrådrag (FGS) som er omtala lenger bak i bladet.

Takk til deg som står med i arbeidet, både økonomisk og gjennom bøn.

Gi di gåve med vipps
Vipps-nummer: 102696




**Ynskjer du å bli fast gjevar?**
**Kontakt kontoret, tlf 53 41 07 04, eller finn skjema på www.indremisjonen.no**



Venen 2019 - 3 første del.indd 2 10.05.2019 00:31:27

# En iboende kraft til å endre historiens gang

Andakt av
Jarle Haugland
Daglig leder Tro og medier



De var bare en håndfull mennesker. En liten flokk som må ha vært fylt av motstridende følelser. Jesu oppstandelse sprengte alle grenser for hva de trodde var mulig og fylte dem med enorm glede. Samtidig forlot Jesus dem da han ble tatt opp til himmelen og gjorde dem forvirret. Nå var de igjen alene i en diger verden som ikke kjente Jesus. Alene, men med et gigantisk oppdrag: å gjøre alle folkeslag til Jesu disipler. Tiden mellom himmelfarten og pinsedagen må ha vært krevende.

I ettertid vet vi at dette var en håndfull mennesker som kom til å forandre historiens gang dramatisk. Ikke på grunn av sin styrke. Men på grunn av Den hellige ånds kraft.

Kristendommen er på vikende front i Norge. Det oppleves som om 1000 år med sterk kristen innflytelse smuldrer bort mellom hendene våre. En majoritetskultur er i ferd med å bli en minoritetskultur – og man kan frykte at den kristne tro om noen tiår vil forsvinne fra landet vårt. Eller i det minste bli redusert til en liten håndfull mennesker, uten særlig kraft til å endre samfunnet.

Gud har et annet perspektiv – og han gir oss håp. Håp om at Guds folk har en iboende sprengkraft i seg til å forvandle, fornye og gi liv til et folk som har vendt Gud ryggen.

Guds rike er som et sennepsfrø, sa Jesus til disiplene. Frøet er lite, men har i seg en iboende vekstkraft som sprenger seg frem og bærer frukt. Jeg er overbevist om at Guds rike fortsatt vil bære frukt i vårt land!

Det er min forventning. Ikke til våre anstrengelser, men til Guds kraft – som bor i oss.

Og slik frøet må i kontakt med jorden for å bære frukt, slik ønsker jeg også et kristenfolk som er i kontakt med verden. I sin hverdag på jobb, studier og i nabolag – og gjennom arbeidet i kristne organisasjoner og kirkesamfunn.

Når Den hellige ånd får virke i oss og gjennom oss, kan vi forandre historiens gang.




**Sommarens Storsamling**
**Årsmøte 2019**
Indremisjonssamskipnaden



**Ver med og be for**
**Sommarens Storsamling**
**Stord 21.-23. juni**

**Talar:**
Jarle Haugland
Ingvild Løklingholm

**Song/Musikk:**
Husorkester og forsongarar

**Ver med og be...**
For talarane
For song- og musikkreftene
For barne- og ungdomsopplegget
For årsmøtesaker og val
Om varmt fellesskap
Om å bli fornya, utfordra
og utrusta

ims
Indremisjonssamskipnaden

**www.indremisjonen.no**


## SOMMARSTEMNE 2019

**30. mai**
Venestemne Stranda
Talar: Marit Hårklau Ådnanes

**2. juni**
Åsleitestemne Herand
Talar: Marit Hårklau Ådnanes

**9. juni**
Pinsestemne Tveit
Talar: Arne Lindekleiv

**11. august**
Solheimsdalstemne

**25. august**
Brandøydagen
Talar: Ragnar Ringvoll




Venen 2019 - 3 første del.indd 3
10.05.2019 00:31:30

# IMS Konfirmantane ConTeenNew

Laurdag 27. april var det konfirmasjon på Leirvik Bedehus.

ConTeenNew blir uttala som engelsk "continue" og tyder fortsetjing på norsk. Med det signaliserer ein at konfirmantane byggjer vidare trua ein fekk i dåpen og kunnskapen ein har med seg frå oppveksten i heim og forsamling.

Konfirmantane deltok sjølve aktivt med song og informasjon om kva dei har lært gjennom konfirmantåret. Til slutt framførde dei ein song dei har laga til konfirmantleiaren Johannes Olsen.

*Framme f.v.: Samson Økland, Emilie Fyllingen, Ine Farestveit og Svein Olav Fagerheim. Bak f.v.: Samuel Andersland, Haakon Hellesøy, Eline Hellesøy, Eiliv Solbakken og Andreas Hellesøy.*



# Reiseruta juni, juli og august

**Marit Hårklau Ådnanes**
02.06. Åsleitestemnet, Herand
04.-06.06 NaMu-samling Evenskjær
21.-23.06 Sommarens Storsamling Stord
24.08 IMS-styremøte
25.08 Brandøydagen

**Lise Marie Thuestad Litlabø**
09.06 Horneland Indremisjon
14.06 Prosjekt Finnås
23.06 Sommarens Storsamling Stord
25.08 Brandøydagen
27.-29.08 Equip

**Marit A Røen**
22.-23.06 Sommarens Storsamling Stord
25.-27.06 Minileir Helgatun
25.08 Brandøydagen

**Arne Lindekleiv**
02.06 Hiskjo Indremisjon
09.06 Pinsestemne Tysnes
22.-23.06 Sommarens Storsamling Stord
25.-29.08 Sunnhordlandstreff, Helgatun

**Ola Malvin Lomheim**
18.08 Os

**Johannes Olsen**
03.-06.06 NaMu-samling Evenskjær
22.-23.06 Sommarens Storsamling Stord
25.-27.06 Sommarminileir Brandøy
03.-07.07 Familieleir Brandøy
25.08 Brandøydagen
27.-29.08 Equip

**Eirik Stensland**
14.06 Tentreff Fitjar
22.-23.06 Sommarens Storsamling Stord
27.-30.06 Sommarleir Brandøy
25.08 Brandøydagen
27.-29.08 Equip

**Liv Rolfsnes**
11.-13.07 Pit Stop Tysnesfest

**Jarle Haugland**
22.-23.06 Sommarens Storsamling Stord

**Ingvild Løklingholm**
22.06 Sommarens Storsamling Stord

**Ragnar Ringvoll**
25.08 Brandøydagen

**Klaus Muff**
18.-23.08 Helgatuntreff



Venen 2019 - 3 første del.indd 4 10.05.2019 00:31:33

# Ny dagleg leiar på Helgatun

Frå august 2018 gjekk Jorunn og Aksel Ingvard Johannessen inn i leiarteam på Helgatun. No frå 1. mai vart Jorunn tilsett som dagleg leiar. Aksel Ingvard hadde eitt års permisjon frå sin forrige jobb, og har no sagt opp denne frå sommaren av. Det betyr at han også satsar vidare på Helgatun.

Fornøgde gjester og at tilsette trivst er ein stor motivasjonsfaktor for vidare arbeid, fortel dei begge.

Me er svært glade for at Jorunn tar på seg denne ansvarsfulle oppgåva. Jorunn og Aksel Ingvard har glidd fint inn i arbeidarflokken, og ivrar etter å få ting gjort. Ver gjerne med dei i bøn!



## Takk til Sylvi Røssland Sørfonn!

Saman med Helge Røyksund gjekk Sylvi inn i leiarteam på Helgatun frå hausten 2016, med Sylvi bak hovudroret. Med eit enormt pågongsmot og innsatsvilje har Sylvi kasta seg ut i oppgåver og utfordringar. Saman med velvillig stab har ho fått utretta mykje, og utan hennar truskap og innsats veit me ikkje korleis me skulle klart å halda drifta på Helgatun gåande. Dagane på Helgatun har blitt lange, og mange turar har det blitt att og fram Fitjar – Helgatun.

Sylvi runda 70 år 25. desember, og me unner henne rolegare dagar. Men ho slepp ikkje Helgatun sjølv om ho no slepp hovudroret. Kåre Johan Hamre vil avhjelpa leiinga på Helgatun i sommar, men også Sylvi og Helge vil avlasta, spesielt gjeld dette frå hausten av.

Tusen takk for innsats og alt du har betydd for Helgatun og oss involverte desse åra Sylvi.



# Engasjert medlemsmøte

**Eli Skåland Tveitane er leiar i Norheimsund Indremisjon. Ein gong i halvåret samlast dei til medlemsmøte. På medlemsmøtet i april var store deler av kvelden via til å samtala om utfordringa frå IMS/ImF i forhold til behov for krets og sentralledd i framtida. Så snakka me også om kor me er om fem år. Desse tinga heng saman. Me hadde god dialog rundt borda, fortel Eli.**

**Me var** rundt 40 medlemmer samla. Mykje av tilbakemeldinga går på at me ynskjer å vera eit raust, ope og inkluderande fellesskap; eit fellesskap der ein kan henta kraft og bruka gåvene sine til felles beste. Eit fellesskap med Jesus i sentrum. Og eit fellesskap som går ut. Det skal også inkludera alle generasjonar. Me har vore opptatt av dette i styret dei seinare åra, og det er veldig godt å oppleva at me er så samstemt i kva me vil, seier Eli.

**Mot slutten av møtet** tok eit medlem initiativ til at styret vart bedd for. Det var sterkt å oppleva dette. Me er deira representantar, og me iverkset det dei ynskjer. Det er viktig at alle kjenner dette som vårt arbeid. Mange seier at me er på eit godt spor. Det er enklare å få ting til når me er i ei flytsone. Komande styremøte er kun via strategiske samtalar.
Både barn, ungdom og vaksne har rikt med tilbod på bedehuset. Annakvar søndag kl 1100 er det samling på bedehuset i Norheimsund, der dei køyrer Awana for tre ulike aldersklassar barn. Dei tre-fire siste åra har me hatt fokus på oppveksande generasjon. Me opplever at familiane kjem, og at dei i større grad kjenner at dei høyrer til her. Barn er ikkje berre nokon som skal parkerast. Dei skal oppleva at dei er ein del av fellesskapet, minnar Eli om. Hos oss er alle samla i starten. Etter møteslutt har me felleskaffi. Me kjem nærare kvarandre gjennom dette.

**Me er undervegs**, seier Eli. Det er utfordrande å ha leiarar til alt me vil ha gjort. Me må skunda oss langsomt. Me bygger opp, og framelskar det me vil ha fokus på. Me ynskjer å veksa, og gi rom for nye. I skrivande stund nærmar det seg «Ein god dag». Me er rundt 20 medarbeidarar som skal ut på oppdrag laurdag. Me har 15-16 ulike oppdrag; tre hagelag, vaffelsteiking i sentrum, team på institusjon som tar eldre med ut på luftetur, kaffiprat eller anna. Dette er sjette året me arrangerer «Ein god dag», og me gler oss, seier Eli.

*Eli Skåland Tveitane og Audun Aase på hagedugnad i samband med «Ein god dag».*



# Mi trushistorie

**Det er over 25 år sidan Jens Tveit vart engasjert i Indremisjonssamskipnaden. Fleire hundre frivillige møter har det blitt, og utallige leirar. I mange år har han også vore primus motor for Vårtreffet på Brandøy. Det er nett ein kveld på Vårtreff at me tar oss ein prat om livet, om oppvekst og kva som har vore med og forma trua. Kveldsmøtet som Jens har leia, er ferdig. Han sit avslappa i stolen, og deler beskjedent, men også villig frå livet.**

**Sterkt minne frå barndommen**
Som eldst av seks søsken, vaks Jens opp på eit lite gardsbruk i Austrheimsbygda i Skjold. Faren hadde jobb utanom. Heimen var kristen med daglege andaktar og bøneliv. Foreldra mine var aktive i foreiningar og møteliv, fortel Jens. Eg hadde også besteforeldre som bad for meg. Eg hugsar spesielt ein gong som liten at eg overnatta hos bestemor. Om morgonen høyrte eg at ho putla med kaffikjelen og småprata. Hadde bestemor besøk? Så høyrte eg at namn etter namn vart teken fram, også mitt. Då forstod eg at ho bad for alle sine. Det er eit kjempeminne som har satt seg fast.

**Puggekurs på Solborg**
I konfirmasjonsalderen reiste Jens litt på leir. Her vart han sett på val. Dette arbeidde vidare i han, men han tok ikkje det endelege valet. Etter realskulen ville Jens bli lærar. Det var rundt 100 stk på opptaksprøven, 33 kom inn – og mellom dei var ikkje eg, seier Jens. Eg merka meg at mange av dei som kom inn på lærarskulen, hadde vore på Solborg på puggekurs. Eg bestemte meg for å gjera det same året etterpå. Kurset varte i åtte veker. Siste dagen vart eg kristen. Eg kom inn på lærarskulen om hausten då, og i glede takka eg Gud for at eg ikkje kom inn året før.

**Min tur**
Det kristne skulelaget arrangerte andakt kvar morgon på lærarhøgskulen. Andaktane gjekk på rundgong, og ein dag kom turen til meg. Det var ein vanskeleg andakt. Eg sukka og bad etterpå. Plutseleg ein kveld satte eg meg ned og noterte. Neste gong hadde eg ein lang andakt. Studentane sat berre og kikka. Seinare har eg ofte opplevd at eg har fått frå Gud det eg skulle formidla. Ikkje alltid, men ofte.

**Må seia ifrå**
På lærarskulen traff Jens Martha. Ho var hushjelp hos ein lærar. Me vart interessert i kvarandre, og i ein samtale tidleg fortalde eg at eg var ein kristen. Viss ho då ikkje var interessert, trong me ikkje bruka meir tid på å bli kjent. Så kom Martha med det herlege svaret: «Å, men det er eg også». Martha og Jens gifta seg etter at han hadde vore i militæret, og flytta til Etne. Første halvåret budde dei på skulekammerset som var på tre gonger tre meter. Me hadde ei kokeplate, og kokte på gongen.



**Under på under**
Etter at Jens vart kristen har han i alle år vore med i kristent arbeid. Det vart mykje barnearbeid, men også engasjement i indremisjonslag for vaksne. I Etne vart han også beden om å starta speidaren.

Det var mest her eg lærte å laga andaktar, fortel Jens. Eg hadde andaktane på konkret plan, og barna vakna til. Det har vore ein rikdom av dei store å få vera med på dette. Etter ti år i Etne tok eg kristendom grunnfag på lærarakademiet. Det var eit jubelår! Me hadde fire barn, og Martha var utan arbeid. Det var viktig å få dette avbrekket, men eg lurte lenge på om eg skulle våga. Ein kveld bad eg at viss dette er Guds vilje, må Martha ta opp emnet neste dag. Det var berre få dagar til søknadsfristen gjekk ut. «Korleis går det, skal du på lærarakademiet til hausten», spurte Martha neste dag. Og svaret var gitt. Om økonomien var trong det året, så opplevde me under på under også økonomisk.

**Livet er bra der eg er no**
Under skuleandakt på Ølen vidaregåande skule hadde Jens sine første sjelesorgsamtalar. Han minnest spesielt ei som året etter kom og sa at han hadde berga henne. Det å be med folk og ha sjelesorgsamtalar er noko eg synest har vore meiningsfullt. Det er blitt ein del av dette på leir også. Forkynning, bibelundervisning, samt sjelesorg er blant dei mest framtredande nådegåvene til Jens.

– Eg er full av takksemd for alt eg har blitt brukt til. Folk kjem ennå og takkar for ting eg har sagt for lenge sidan. Eg konkluderer med at livet er bra der eg er no. Eg har ein fantastisk familie og god kone. Om helsa skrantar, har eg det godt.



Venen 2019 - 3 første del.indd 6 10.05.2019 00:31:38

# Vårtreff på Brandøy

**Vårtreffet på Brandøy, som skjer i samarbeid med NMS, er blitt ein suksess! År etter år har mange godt vaksne menneske funne vegen for å oppleve fellesskap med kvarandre og Gud, dele levd liv, ete fantastisk mat, og støtte arbeidet på Brandøy!**

NMS og Kamerun-misjoner, Norodd Stavenjord, delte gjennom sin misjonstime, rike minner frå sitt eige 9 år lange misjonærliv, og frå Kamerunmisjonen si 95-årige historie! 1.500 menigheter med 450.000 medlemer, er eit synleg resultat av arbeidet!

Dagleg leiar i IMS, Marit Ådnanes, tok turen til ei kveldssamling. Ein engasjert leiar, med ein klar bodskap: "Vi treng mat for å leve, også for sjela!" Bøn verkar, det gjer noko med oss. Det gir kraft og styrke til eit liv i teneste for Gud og våre medmenneske! Ho overbringa også ei velfortent helsing og takk til Jens Tveit, for å ha bore hovedansvar for Vårtreffet sidan starten!

Jorunn og Olav Eikemo, to viktige medarbeidarar i IMS, fekk på kvar sin måte gitt oss inspirasjon for kvardagen vår. Jorunn leia tankane våre inn i ligninga om Jesus som vintreet, der me er greinene. Høyrt den før? Ja, men noko blei nytt og aktualisert. Vi treng stadig å bli minna på at vi treng det nære felleskapet med Jesus, og med våre medkristne. Og vi treng av og til å "beskjerast", trass i smerten! Vi treng det for å vere i stand til å vaske kvarandre sine føter!"

Olav fekk gje oss fargerike, levande glimt frå eit mangfaldig emmisærliv. Eikemo - Finnmark - Bygstad - Haugesund - Finnmark, vart ruta! Trusstyrkjande å høyre korleis Gud kallar og leier dag for dag!

Høgdepunktet var kan hende det ungdommelige innslaget, representert ved Svein Helge B. Torsteinsbø. Karmøyguten som har blitt kjend for si genuine interesse for bedehuset si historie, og særleg bedehuset på Fosen på Karmøy. Festlig å møte ein ung mann i hatt, frakk og bukseselar, som det høver seg ein emmisær! "Bedehusa er små lys!" Så flott å høyre frå ein ungdom! Her møtte vi engasjement og humor så det gnistra! Og med eit kunnskapsnivå og ei formidlingsevne som nok imponerte alt og alle, førte Svein Helge oss tilbake til Hans Nilsen Hauge, Rosenius, Sven Foldøen og Lars Oftedal, som på kvar sin særeigne måte har prega lekmannsarbeidet vårt! Vi fekk beskrivande innblikk i bedehuskulturen frå det fyrste bedehuset vart bygd i Stavanger i 1846.

Misjonsorganisasjonane fekk også sitt velfortente fokus. Vi vart engasjert dradd med i bl.a stiftinga av NMS i 1842, i etterkant av at 40 misjonsforeningar såg dagens lys i løpet av dei tre føregåande åra!

Vi "handhelste" nærast på Gustava Kielland, ho som sørga for at kvinnene fekk stemmerett i NMS alt i 1904, 9 år før staten! Slik var ho med å forme grunnstamma i bedehusrørsla!
"ME ER HERRENS TENESTEFOLK! HAN VIL IKKJE FORLATE OSS! DIFOR HAR BEDEHUSET EI FRAMTID!"
Ein Gudsinspirert bodskap frå eit ungt vitne!

På tampen må Jette Marie og Bjarne Steinsund ha ros for songen og musikken på kvart møte! Det var godt for øyra, og balsam for sjela! Takk også til KM - karane frå Etne for herleg og varm mannskorsong, og sist men ikkje minst: Takk til Brandøyfolket som stelte så vel med oss, endå ein gong. Det ga meirsmak, i ordets rette forstand!

På gjensyn!

*Marit Lindekleiv*









Venen 2019 - 3 første del.indd 7 10.05.2019 00:31:39



# Sisterhood

**Oktober 2018 startet Sisterhood opp på Leirvik Bedehus. Ingvild Løklingholm som er forsamlingsleder i ImF Stord har lenge hatt ett hjerte for kvinnearbeid og sammen med åtte andre damer arrangerer hun Sisterhood en gang i måneden.**

Det har vert veldig god respons på kveldene og det er tydelig at det er behov for slike samlinger i distriktet vårt. Det har stort sett vært mellom 65 og 80 kvinner hver gang, både kristne og damer uten noen kristen bakgrunn, så det er fantastisk.

Ønsket vårt med kveldene er at de som kommer skal oppleve det godt å være her, kjenne seg inkludert uansett bakgrunn og aller mest få et møte med Jesus. Vi ønsker at det skal være en kveld for påfyll for både ånd, sjel og kropp.

En typisk kveld starter gjerne med god mat, litt latt og løye og gode samtaler ved bordene som er pyntet til fest. Etter ei stund går vi inn i møtesalen hvor vi har ei god stund med lovsang og tilbedelse før dagens taler slipper til. Etter forkynnelsen har vi bønnevandring, med mulighet for forbønn og veiledning.

Temaet denne høsten og vinteren har vært gjenopprettelse. Mange går gjennom ting i livet som gjør at en har kommet på avstand fra Gud, noen ganger er det travelhet og slitenhet som gjør at det kan være vanskelig å komme nær.
I Salme 23 står det at Gud dekker bord for oss, og dette kjenner vi virkelig på at han gjør. Mange opplever å få ett sterkt møte med Gud på samlingene, og vi føler oss så takknemlige over å få være med på det han gjør på Stord.




En av stasjonene under bønnevandringen



Under lovsangen har vi profetisk maling, dette bildet blei laget av Margrethe Hystad Carter






Venen 2019 - 3 første del.indd 8 10.05.2019 00:31:42

# Sunnhordlandsmusikken 30 år

**I anledning Indremisjonssamskipnaden sitt 125-års jubileum i 1989, kom Svein Bjarne Aase med ideen om å laga til eit musikklag med songarar frå heile distriktet. På Fitjar hadde dei, og har framleis, musikkforening. Lars K. Vik var leiar der. Han tok også på seg ansvaret for jubileumsmusikklaget, som vart kalla Sunnhordlandsmusikken.**

Me har hatt det veldig triveleg saman, fortel Lars K. Vik. Det har vore mykje god deltaking. Me har også reist på mange turar saman. Før hadde eg meir ansvar for desse, men det vart enklare for meg etter at Magnhild Turøy overtok dette. Så er det også greit å ha Sagvåg bedehus som base for øvingane. Alt er laga til og er i orden når me kjem. Så bytar me på å ta med mat. Eg tar ut songar, skriv på ei liste og deler den med Trygve. Og me er alltid einige, seier Lars.

I dag tel Sunnhordlandsmusikken rundt 50 personar. Me var på topp i 2010-2012, fortel Trygve Eiken. Trygve har dei seinare åra vore dirigent, medan Lars spelar piano. – Eg ser at me er ein samansveisa gjeng, seier Trygve. Folk trivst. Det inspirer til å oppretthalda songgleda. Det er øving omlag to gonger i semesteret. Så vert det ein del opptredenar utanom. Sunnhordlandsmusikken betyr mykje for dei som er med. Mange turar har det blitt, både innanlands og utanlands. Spesielt tek Lars fram turen til Israel som eit høgdepunkt. Her var fleire grupper frå SI-reiser samla. Dei hadde fått utlevert songar på forhånd, blant anna «Det skal bli en gledes dag». Det var veldig stas å synga denne i King of Kings-salen i Jerusalem. Lars har skrive mange songar sjølv, og fleire av dei er brukt i Sunnhordlandsmusikken, blant anna nettopp «Det skal bli en gledes dag».

-Eg blir 87 år i oktober, seier Lars. Me får sjå korleis helsa er framover. Fortsat skriv Lars songar. Men no nyttar han meir tid til å arrangera songane dei allereie har. Me syng fleire songar firstemmig. Me øver først inn songane i Fitjar musikkforening, der har me øving kvar tysdag. Då kan mange stemmene til me skal øva i Sagvåg. Dei fleste som er med i musikkforeningen er også med i Sunnhordlandsmusikken.

Sunnhordlandsmusikken har sunge på alle årsmøtehelgene til IMS, unntatt to. Me gler oss til å ha dei med oss i år under årsmøtehelga på Stord. Men før det skal dei reisa på jubileumstur til Oslo og Østfold med Svein Bjarne Aase og Klaus Muff. Her skal dei mellom anna besøkja Hans Nielsen Hauge musèet, og syngja i Misjonssalen i Oslo.



Lars K. Vik
*(Foto: Håkon C. Hartvedt)*





Venen 2019 - 3 første del.indd 9 10.05.2019 00:31:46




# Barne- og ungdomssidene

Lise Marie
Barne- og fam.arbeidar

## Leirar framover

### Brandøy:

**SommarMinileir**
2.-4. klasse
25.-27. juni
Kr 750,-

**Sommarleir**
5.-7. klasse
27.-30. juni
Kr 950,-

**Familieleir**
3.-7. juli
3-7 år kr 930,-
8-12 år kr 1060,-
13-16 år kr 1220,-
Vaksen kr 1730,-
max familie kr 6000,-

**Active Ten**
8. kasse +
8.-11. august
Kr 1090,-

### Helgatun:

**Superhelg**
0-9 år m/fylgje
24.-26. mai
Kr 600,-/1100,-

**Minileir**
2.-4. klasse
25.-27. juni
Kr 730,-

**Tweensweekend**
5.-7. klasse
25.-27. juni
Kr 730,-

ims
Indremisjonssamskipnaden
*Med Guds ord til folket*

Meir info finn du på nettsida vår under fana "leir". Her kan du melde deg på leir og lese meir om kva ein leir inneheld.

www.indremisjonen.no
post@indremisjonen.no
tlf 53 41 07 04




**www.indremisjonen.no**

# Påskefestival

**Sol, bading, kano, segling og fotball. Nei, det er ikkje skildringa av fjorårets sommarleir. Årets påskefestival var av det varme slaget. Påskeevangeliet var i fokus, og me fekk prøve å leike med Airsoft-markørar. Me fekk òg oppleve litt om korleis det er å vera forfølgt kristen, og smugla Biblar. I bussen på veg heim tok me ein prat med Sander Aarskog for å høyre litt korleis han hadde hatt det på leiren.**

Grunnen til at Sander reiste på leir, var at ein kompis spurte han om å vere med. Han har vore på Brandøy før, og visste at det var ein kjekk stad å vere. I tillegg følte han at han vart ein betre person av å vere der. Både på grunn av mange kjekke ungdommar å vere saman med, men og gode leiarar og møter.

Høgdepunktet for Sander, var Airsoft-turneringa, og gode pratar med leiarane. Me måtte spørje han om kva han lærte om Jesus, og livet med ham. Han har lært at Jesus døyde for oss på ekte, og at Gud prøver å få oss til å forstå at han er glad i oss og lengtar etter fellesskap med oss. I tillegg har Sander blitt tryggare på at Gud er der, og det var kjekt å høyre om alt som skjedde i påsken. Dersom han skal nemne ein spesiell ting, var det forbønnstunda saman med mange av leiarane. Der han og fekk vere med å be for leiarane. I tillegg hadde han gode samtalar med nokre av leiarane der han fekk høyra spanande historier frå deira liv med Jesus.

Til slutt lurte me på kvifor ungdommar bør reise på leir. Det er jo mange kjekke aktivitetar på leir, og mange kjekke folk å bli kjent med, så dersom dei likar å bli kjent med nye, og prøve nye ting, så er leir ein perfekt stad å vere. I tillegg er det ein stad der ein kan kjenne seg trygg, og vere i eit positivt miljø. Og dersom du likar musikk, Gud og Jesus så får du ein god del av det òg. Me takkar for praten og lar Sander få gli inn i drøymeland.





**Johannes**
Ung-leiar IMS

**Eirik**
Ungdomsarbeidar

# Mitt bibelvers!

For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

Joh 3, 16

Ivar Teistedal Dyrøy
Leirvik, 16 år





# Ung-leiars kommentar

## Bønn

Tenk å få lov til å vere saman med Skaparen, Redningsmannen og Anden i bønn. Eit privilegium me bør nytta oss meir av. Både i arbeidet og i løynkammeret. Eg trur at mykje stort kan skje, dersom me kan kome i takt med Guds vilje i arbeidet.

*Mvh Johannes Olsen, Ung-leiar, IMS*















Kjetil Harestad
Medleiar i hovudkomiteen

# Velkommen til Sommarens Storsamling på Stord

IMS har leigd Stord Idrettspark på Vikahaugane, slik at alle samlingar kan gjennomførast på ein stad. Det er ein stor dugnadsgjeng som trør til for at arrangementet skal gå som planlagt, og at du skal få ei fin oppleving på denne storsamlinga. Me har forventningar til denne samlinga, og «Forventning» er nettopp temaet for årsmøtehelga.

I kveld, når eg sit og skriv denne velkomsthelsinga, er det 2. påskedag. På ny har me feira Jesu oppstandelse. Denne påska har eg reflektert litt over korleis disiplane, og spesielt Peter, hadde det desse dagane. Peter hadde tre år tidlegare tatt et radikalt val. Han hadde brote opp frå dei daglege gjeremål, forlatt heim, familie og jobb og tatt til å fylgja Jesus. Jesus med denne evna til å overraska, for så å koma godt ut av dei fleste situasjonar. Han helbreda sjuke, gjekk på vatnet, tok parti med dei svake, braut med det som var vanleg på den tida, snakka til kvinner, og sette på plass dei som ville setja han på prøve. Peter trudde Jesus var Messias, men kva forventningar hadde Peter til Messias, frigjeraren?
Kva tankar har Peter når Jesus, Messias, frigjeraren vart tatt til fange og let seg håna og spotta? Kanskje var det Peter si forventning til at Jesus på ny kom med eit overraskande trekk, som gjorde at han våga seg inn på tempelplassen for å få med seg kva som skjedde? Då Jesus let seg piska og vart hengt opp på eit kors for til slutt å døy; kva tankar sit Peter att med då? Det var nok mange som hadde åtvara han mot å forlata alt. Hadde dei rett likevel? Sat han att med skam fordi han hadde vore for lett å riva med av denne Jesus? Eg trur fortvilinga var stor. Disiplane var nok samla i sorg og dei var sikkert svært redde for kva som skulle skje no. Forventningane deira til Jesus hadde falt i grus, dei som hadde vore vitne til alle desse undergjerningane og var sikre på at Jesus var Messias, sat no tomhendte tilbake.
Tenk då så fantastisk det måtte vera då kvinnene som hadde vore ved grava kjem tilbake og fortel om den tomme grava. Peter og disiplane får møta den oppstadne. På ny overraskar Jesus disiplane, også denne gongen på ein måte me menneske ikkje på nokon måte kunne ha planlagt eller forventa. Eit soningsverk som gjer at me kan kallast Guds barn og me kan ha forventningar til at Jesus vil gå med oss.

Og du treng ikkje venta til årsmøtehelga på Stord for å ha forventningar til Jesus.

*«Den enkle stille bønnen*
*som åpner Herrens vei*
*Er bønnen la din vilje skje*
*Og den som ber om dette*
*vil ikke lett gå lei*
*Men stadig overraskes*
*og stadig undre seg*
*For Herre det er spennende å be*
*La din vilje skje»*

**Velkommen til årsmøte på Stord!**





Venen 2019 - 3 første del.indd 12 10.05.2019 00:32:08



Ole Bernar Innvær
Formann i styret for IMS

ims
Indremisjonssamskipnaden
*Med Guds ord til folket*

# Takk til Gud, og takk til deg!

For litt sidan høyrde eg ein fortelje om at han og kameraten hadde vore ute på fisketur. Etter turen ba dei i lag. Denne bønestunda enda opp med at dei nesten berre takka! Ikkje fordi dei fekk så mykje fisk, etter det eg forstod, men fordi dei hadde så mykje å takka for! Tenk så flott! Bønestunda vart til takkestund. Kanskje vi har noko å læra? Vi har jo eigentleg mykje å takka for. Det finst både lette og tunge dagar, og utfordringane kan vera mange. Likevel trur eg vi finn noko å takka for. Vi må berre bli betre på å sjå det, og øva oss på det å takka. Kanskje vi skulle sett oss som mål, og alltid takka når vi ber? Alltid starte bøna med å takka? Om vi takkar meir, trur eg vi vil kjenne at det gjer oss godt. Vi blir velsigna av det.

Vi skal takka Gud, og vi skal takka kvarandre. No vil eg takka. Eg vil takka alle dykk som står i indremisjonsarbeidet veke etter veke ute i bygdene våre. Takk for at de orkar, takk for at de står på, takk for at de er med å deler Jesus med andre! Så ein stor takk til alle våre tilsette i IMS. Takk for at de har sagt ja, til å stå i tenesta! Dagane vil variera, og oppgåvene er mangfoldige. Likevel, de er der i kvardagen, til støtte for heile kretsen. De er på mange måtar "limet" i arbeidet vårt. De er med på å få ting til å "gå rundt". De er med på å inspirera, gje råd, og hjelpa til. De vitnar om Jesus, og forkynner Guds ord. De er med på å gjer Jesus synleg.

Tusen takk til alle dykk som arbeider på Framnes, Brandøy og Helgatun. Takk også til deg som har deltatt/deltar med frivillig innsats på desse "misjonsstasjonane" våre. Vi har eit ynskje om at barna våre, og dei unge skal få møta Jesus på desse stadane. Takk for at du er med å gjer det mogleg.

Takk også til ildsjelene bak Helgatunlia, til det nye styret for utbygginga, og prosjektleiaren vår. Arbeidet er kome godt i gang, og vi håpar og trur det vil bli til velsigning for Helgatun. Det er først og fremst for Helgatun vi gjer dette!

Takk for at du er med, du som har oppgåver som ikkje alltid synest like mykje. Alle oppgåver er viktige. Takk til deg som ber og takkar! Takk til deg som trufast støttar opp om arbeidet som vert drive! Takk til deg som sender barn/barnebarn på leir! Takk til deg som støttar arbeidet økonomisk - er fast gjevar! Takk og pris for at du er med.

Så har vi også ein lovnad om at "han som tok til med ei god gjerning ... skal fullføre" (Fil 1.6). Må Gud velsigna deg, og den tenesta du står i.

**Takk til Gud, og takk til deg!**





Venen 2019 - 3 første del.indd 13 10.05.2019 00:32:11

# Sommarens Storsamling

ims
Indremisjonssamskipnaden

## Årsmøte Stord
## 21.-23. juni
## Stord Idrettspark
## Vikahaugane

Det vert kiosk i Idrettshallen
før og etter samlingane heile helga.

Husk påmelding til måltid
www.indremisjonen.no

Om ikkje anna er nemnd,
skjer alle aktivitetar i Stord Idrettspark.

### Fredag 21. juni

**19.30 Sommarkveld**
*Silje Rydland m/band*
*John-Inge, Gunhild og Oda Rolfsnes*
*Eirik Stensland*
*Linda Nordtun og Lene Fylkesnes Nesse*

### Laurdag 22. juni

**09.00 - 11.45** Registrering av utsendingar

**10.00 Opningsmøte** og **Bibeltime**
*Helsing ved ordførar Gaute Straume Epland*
*og medleiar i hovudkomiteen Kjetil Harestad*
*Bibeltime ved Jarle Haugland*
**Tema: Forventning til kjærleikens forvandlande kraft**
*Husorkester og misjonsoffer*

**10.00 Barnas sommarfest i Amfisalen**

**11.45 Utsendingsmøte** i Amfisalen

**12.00 - 17.30** Tur, aktivitetar
og middag for familiar

**12.00 - 17.30** Aktivitetar for ungdommane

**13.00** Middag

**14.00 -17.30** Utsendingsmøte fortset

**18.00** Kveldsbuffèt

**19.30 Stormøte**
*Tale ved Ingvild Løklingholm*
**Tema: Har du forventning til Gud?**
*Presentasjon av arbeidarane og styret*
*Husorkester og misjonsoffer*

### Søndag 23. juni

**09.30 Bønemøte** i bønerom ved Amfisalen

**10.30 Gudsteneste/festmøte – Søndagsskule**
*Opningshelsing ved sokneprest Olav Oma*
*Tale ved Jarle Haugland*
**Tema: Forventning om ein ny himmel og ei ny jord**
*Sunnhordlandsmusikken*
*Husorkester*
*Nattverd og misjonsoffer*

**12.15** Pause med forfriskningar

**13.00 Storsamling**
*Appell ved Johannes Olsen*
*Husorkester og Sunnhordlandsmusikken*
*Misjonsoffer til Framnes, Brandøy og Helgatun*

**14.00** Middag


Sunnhordlandsmusikken


Tale laurdag kveld:
**Ingvild Løklingholm**

**www.facebook.com/**
**Indremisjonssamskipnaden**

# www. indremisjonen.no

Venen 2019 - 3 første del.indd 14 10.05.2019 00:32:18

# For vent ning

Hovudtalar:
**Jarle Haugland**
Dagleg leiar
Tro og medier



## Sommarkveld

Fredag 21. juni - 19.30
på Sommarens Storsamling

// Silje Rydland med band //
// John-Inge, Gunhild og Oda Rolfsnes //
// Linda Nordtun og Lene Fylkesnes Nesse //
// Eirik Stensland //

Gratis inngong - kollekt til IMS
I Stord idrettspark, Vikahaugane

ims

For vent ning

ims

## Born og ungdom på Sommarens Storsamling

Følg IMS Ung på facebook for detaljert program for born og unge som deltar på Sommarens Storsamling

LIK OSS PÅ facebook facebook.com/imsungno



# INNMELDINGSSKJEMA

**Årsmøte i Indremisjonssamskipnaden, Stord 21.-23. juni 2019**

| | NAMN | | UTSENDING (set x) | MÅLTID (set x for dei måltida de ynskjer) Born mellom 4 og 16 år, halv pris Maks familiepris kr. 400 pr måltid | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | VAKSNE | | | Middag laurdag kr. 150 | Kveldsbuffet laurdag, kr. 150 | Middag søndag kr. 150 |
| 1 | | | | | | |
| 2 | | | | | | |
| | BORN/UNGDOM | ALDER | | | | |
| 1 | | | | | | |
| 2 | | | | | | |
| 3 | | | | | | |
| 4 | | | | | | |

Det vert open kiosk under måltida!

| | |
|---|---|
| Bubil/campingvogn | |
| Straum | |

Pris for bubil/campingvogn:
Kr. 100 pr. døgn og kr. 200 for heile helga, inkl. straum.

TELEFON___________________________

E-POST ___________________________

**PÅMELDING UTSENDINGAR:**
Utsendingar betaler ei årsmøteavgift på kr. 150 til å dekkja felleskostnader.

FOREININGA/LAGET SITT NAMN_____________________________

NAMN PÅ UTSENDING_____________________________________

## Påmelding innan FREDAG 14. JUNI 2019!

**Husk at alle må melda seg på til enkeltmåltid sjølv om ein ikkje er utsending! Gjeld måltid både laurdag og sundag! Dersom ledige matbillettar vert desse solgt på stemnestaden.**

**Påmelding kan sendast til:**
IMS, postboks 150, 5401 Stord Tlf. 53 41 07 04
www.indremisjonen.no post@indremisjonen.no

**OVERNATTINGSSTADAR I SAMBAND MED SOMMARENS STORSAMLING:**

**Stord Hotell:**
Standard enkeltrom:
Kr. 945 pr. døgn inkl. frukostbuffet
Standard dobbeltrom:
Kr. 1.145 pr. døgn inkl. frukostbuffet
Oppgradering til business/superiorrom kr. 150 pr. døgn

**Almaas Hotell Stord:**
Enkeltrom kr. 790
Dobbeltrom kr. 990
Ekstraseng kr. 200
Alle prisar pr. natt inkl. frukost og gratis kveldsmat

**Grand Hotell:**
Enkeltrom kr. 795
Dobbeltrom kr. 995
Pris pr. natt, inkl. frukost



Venen 2019 - 3 første del.indd 16 10.05.2019 00:32:25

# Sakliste til utsendingsmøte, årsmøte 2019

**1. Konstituering**
a) Val av møtedirigent og varadirigent
b) Val av to til å føra møteboka
c) Val av to til å signera møteboka

**2. Årsmeldingar**
a) Indremisjonssamskipnaden
b) Barne- og ungdomsavdelinga

**3. Rekneskap**
a) Indremisjonssamskipnaden
b) Framnes Eigedom
c) Brandøy Misjons- og konferansesenter
*(Rekneskapen for Helgatun vert teken til orientering)*

**4. Korte rapportar/innlegg**
a) Framnes KVGS
b) Brandøy Misjons- og konferansesenter
c) Helgatun

**5. Val**
a) Formann for 1 år
b) 3 styremedlemer for 2 år
c) 3 varamedlemer for 1 år
d) Val- og fullmaktsnemnd
e) Revisor

**6. BUR**

**7. Orientering frå Helgatunlia**

**8. Orientering frå ImF**

**9. Samtale om arbeidet**
a) Kva treng lokale lag hjelp til frå IMS og ImF?
b) Gjevarteneste

**10. Inspirasjon/glimt frå bygdene**

# Framlegg frå val- og fullmaktsnemnda

**Formannskandidat:**
1. Ole Bernar Innvær, Bømlo

**Styremedlemer:**
1. Mirjam Eide Gravdal, Kvam
2. Oddvar Martin Torget, Os
3. John Morten Espevik , Bømlo
4. Marit Tislavoll, Fitjar
5. Linda Aase, Stord
6. Bjørn Saghaug, Stord

**Varamedlemer:**
1.-3. Dei som ikkje vert vald til styret
4. Randi Eiken Brekke, Fitjar
5. Liv Marit Rød, Fusa
6. Åse Farestveit, Kvinnherad

**Desse sit eitt år til:**
Olaug Synnøve Fagerheim, Kvinnherad
Bernt Arild Gjøvåg, Stord
Liv Ingunn Heie Medhaug, Vindafjord





Lista er sett opp i prioritert rekkefølgje.
Det skal veljast formann, tre styremedlemer og tre varamedlemer.
Dei som ikkje vert vald til styret går vidare til varavalet.

IMS har hatt eit Barne- og UngdomsRåd (BUR). Dette har ikkje vore i funksjon det siste året, og styret valde i 2018 å setja BUR på «vent i 2018/2019 medan ei arbeidsgrupe jobba med mandatet til BUR. Viser elles til sak 6 i saklista.



Venen 2019 - 3 første del.indd 17 10.05.2019 00:32:26

# Presentasjon av kandidatar til styrevalet

Formannskandidat:



### Ole Bernar Innvær
Fødd 1967, Bømlo
Utdanning innan økonomi og administrasjon. Jobbar som teamleiar hos Wärtsilä i Rubbestadneset. Er med i styret for Gilje Bedehus, og som leiar i Yngstes. Har vore formann i IMS-styret siste året. Eg meinar at barne- og ungdomsarbeidet, og "varme og inkluderande fellesskap" må ha stort fokus i IMS.



### Mirjam Eide Gravdal
Fødd 1979, Kvam
Lærar. Har vore leiar for barnearbeid i Norheimsund bedehus i 18 år og delteke i leirarbeid på Helgatun. Har vore med å starta Awana-arbeid i Norheimsund. Er oppteken av at born og unge skal få bli kjende med Jesus og få fellesskap der dei kan få hjelp til å veksa i trua.



### Oddvar Martin Torget
Fødd 1963, Os
Gift med Rigmor, 4 vaksne gutar. Arbeidar som økonomisekretær ved Kongshaug Musikkgymnas. Formann i styret for Os Indremisjon. Bedehuset og vennesamfunnet er min åndelege heim. Har vore 2. vara til IMS-styret siste året.



### John Morten Espevik
Fødd 1967, Bømlo
Jobbar som byggmester, aktiv på Yngres og Laurhammer Bedehus. Sit i bedehusstyret, Helgatunstyret, IMS-styret og styret for Helgatunlia. Har tidlegare vore med i Brandøystyret.



### Marit Tislavoll
Fødd 1962, Fitjar
Jobber som pedagogisk leiar i barnehage. Har tidlegare vore leiar i Øvrebygda søndagsskule og i Karmsund- Sunnhordland søndagsskulekrets. Varamedlem i IMS-styret eitt år. Leirleiar på Brandøy.



### Linda Aase
Fødd 1991, Stord
Utdanna som folkehelsearbeidar, jobbar i eigen bedrift på Tysnes.
Er med i ungdomsarbeidet på Leirvik bedehus. Brenn for at ungdom skal bli kjent med Jesus.



### Bjørn Saghaug
Fødd 1971, Stord
Gift med Rakel, 4 barn. Jobbar som prosjektingeniør i Wärtsilä. Medlem i IMS-styre.

## Kandidatar til varavalet:



### Randi Eiken Brekke
Fødd 1978, Fitjar
Gift, 4 barn og busett på Fitjar. Utdanna førskulelærar/lærar og spesialpedagog. Jobbar på Rimbareid barne-og ungdomsskule. Har tidlegare jobba i Fitjar Soknerådsbarnehage.
Har i mange år vore aktiv i Fitjar bedehus. Er med i Jenteforeninga, dirigent for Fitjar barnegospel og er med i gruppa Praise Him. Særleg opptatt av barne- og ungdomsarbeid.



### Liv Marit Rød
Fødd 1952, Holdhus (Fusa).
Jobbar som spesialarbeidar i maskinverkstaden på Framo Fusa. Er med i IMS kvinneforeining lokalt. Har vore engasjert i søndagsskulen, og har tidlegare vore kontakt for Holdhus Indremisjon.



### Åse Farestveit
Fødd 1962. Busett i Åkra i Kvinnherad. Lærar. Har vore engasjert i kristent barne- og ungdomsarbeid sidan 16-årsalderen. Leiar for barnegruppe i Landås menighet, ulvungar i Volda og VING i Åkra. Har vore med fleire periodar i Åkra sokneråd. Er oppteken av at barn og unge skal få bli kjende med Jesus og få fellesskap der dei kan få hjelp til å veksa i trua.



Venen 2019 - 3 første del.indd 18 10.05.2019 00:32:29

# Oppfordring til fast gjevarteneste

**Bakgrunnen for denne saka vart ein augeopnar for nokre av oss i IMS. I vår sette IMS-styret ned ein komité som skulle sjå på korleis få auka inntektene til IMS. Me snakka om nokså mykje, men brukte mest tid på å snakka om fast gjevarteneste. I grafane på sida vert du presentert for dei same tala som me vart. Kanskje du også vert overraska, det blei i alle fall me!**

No er det ikkje slik at misjonsfolket i IMS ikkje gir noko, for det gjer dei! Gjennom alle år har pengar og ressursar tikka inn så vi kunne nå ut med evangeliet i vår krets. Tidlegare skjedde dette via kollektbøssa, men i takt med at tidene endrar seg, endrar og folk sine gjevarvanar seg.

## Kvifor fast gjevarteneste?

For IMS som organisasjon så gjev det ein forutsigbarheit i økonomien. Inntektene blir meir oversiktlege, og det gjer det enklare å planlegga og forvalta midlane, sjølv før dei er komne på konto.

For meg og deg som gjevarar så gir det og forutsigbarheit. Eg kan planlegga utgiftene betre og veit at arbeidet eg brenn for får den delen av kaka eg vil. Eg veit og at pengane mine når fram sjølv om eg ikkje er til stades når kollektbøssa går rundt.

Staten Noreg viser også at dei ynskjer at nordmenn skal støtta ideelle organisasjonar og gir skattefrådrag på gåver. Det er noko du kan ta med i rekneskapen. Gir du 50.000,- kroner årleg så gir det skattefrådrag på 11.000 kroner. Dette går du glipp av i vanlege kollektar, men som fast gjevar går dette inn i sjølvmeldinga automatisk.

Indremisjonen har oppretta «Min side» på nettstaden imf.no. Her kan du enkelt melda inn og justera di eiga faste gjevarteneste. I skrivande stund arbeider ein for å gjera denne tenesta enklare og betre, men den kan brukast slik den er.

I boksen finn du ei enkel bruksanvisning for å koma i gong med «Min side». Det er sjølvsagt òg mogleg å gjera det via skjemaet på neste side.

Av grafane ser du korleis eksisterande gåveavtalar er fordelt:







## «Min side» hos ImF og Xledger

1. Gå inn på www.imf.no, bla litt ned slik at du får opp menylinja øverst og klikk deg inn på «Min side» oppe til høgre så blir du sendt til Xledger.
2. Fyll inn felta og trykk neste steg. (Dersom du allereie har ein brukar, trykk på «Logg inn» oppe til høgre). No kan det hende du får beskjed om at du må godkjennast manuelt, då må du venta til det kjem ein e-post med bekreftelse. Denne kjem som regel same dag eller dagen etter.
3. Trykk på «Ny gave/gaveavtale» under «Gaveavtaler».
4. Vel kven du vil gje til under «Velg prosjekt». Denne menyen er uoversiktleg, men vil med tida verta endra. Indremisjonssamskipnaden ligg nesten heilt sist.
5. Skriv inn beløp og klikk på «Gavebeløp».
6. Gå gjennom neste meny med BankID.
7. No ventar avtalen på godkjenning frå banken din. Neste gong du loggar på «Min side» vil du sjå denne avtalen under «Gaveavtaler» på din «Hjem»-side.
8. Dersom du ynskjer å leggja til andre avtalar klikkar du på sirkelen med omrisset av ein person øverst til høgre og klikkar på «Hjem». Så går du berre gjennom steg 4-6 igjen.

For å endra i gåver så vel du «Gaveavtaler» på «Hjem»-sida «Min-side».



Venen 2019 - 3 første del.indd 19 10.05.2019 00:32:29

# JA takk, eg ynskjer å bli fast gjevar med skattefrådrag

◯ Eg er ny gjevar
◯ Eg er fast gjevar, men ynskjer å endra avtalen

Namn: ______________________________

Adresse: ______________________________

Postnr. / -stad: ______________________________

Telefon: ______________________________

E-post: ______________________________

Personnummer (11 siffer): ______________________________

Eg ynskjer gåva på kr. ____________ skal fordelast slik:

IMS kr. ____________

Brandøy kr. ____________

Helgatun kr. ____________

Eg ynskjer gåva trekt kvar ◯ månad ◯ kvartal ◯ år

Avtale Giro

Ja takk, eg ynskjer å nytta AvtaleGiro

Mottakars konto: 8220.02.80632

Belast mitt kontonr.: ______________________________

Øvre beløpsgrense pr. trekkmånad kr. ____________

Trekkdato: (mellom 15. og 25.) __________

KID-nummer (vert fylt ut av ImF):

| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |

**Dato og signatur:** ______________________________



Venen 2019 - 3 første del.indd 20 10.05.2019 00:32:30

# Kva skal IMS og ImF vere?

ImF og IMS har sendt ut ei undersøking der me lurer på kva de lokalt treng hjelp til frå krets og sentralledd. Mange svarar at dei treng talarar og konferansar. I tillegg nemner mange hjelp til seremoniar, og verktøy for å skape utvikling og framgang lokalt. Nokre få nemner at dei treng hjelp til nyplanting og leir. Og så blir spørsmålet korleis me ynskjer at krets og sentralledd skal sjå ut, og korleis det økonomiske kan sjå ut. Dette er vanskeleg, sidan det er store lokale forskjellar på kva folk treng, og ulikt korleis dei vil bidra til dette økonomisk. Nokon ynskjer forsamling med fullverdig tenestetilbod kvar søndag, medan andre berre har behov for talarhjelp til nokre møter i året.

Difor stiller me desse spørsmåla på utsendingsmøte i år:

1. Kva treng de lokalt hjelp til frå IMS og ImF for å vera livskraftige?

2. Korleis kan du og eg bli bevisstgjort på givarteneste?

Det vert innleiing til samtale under kvart spørsmål. Deretter vert det i år, som i fjor, gruppesamtalar der kvar gruppe har leiar som noterer.

**Organisasjonshistorie og formål**
MS vart starta i 1864 fordi det var behov for å sende ut forkynnarar og for å fremje eit sant kristent liv i bygdene. Det har resultert i at leirstader har blitt bygd, skular blitt starta og forsamlingar vaokse fram. Etter kvart som fleire slike fellesforeiningar vart starta, kom behovet for eit forbund for vestlandet opp. Kretsane knyta seg opp mot ImF, og det førte til at bibelskulen starta, og fleire forkynnarar vart kalla til teneste. Gjennom denne organiseringa, har dei kristne fellesskapa rundt om i bygdene kunna støtta arbeid som både fremjar arbeidet der dei sjølv er, men som òg når ut til nye bygder. IMS har framleis som formål å fremja eit livskraftig indremisjonsarbeid, og arbeider for å vere til hjelp inn mot fellesskapa på bedehusa rundt om i bygdene. Ei anna viktig side av organiseringa til indremisjonen, er at kvart lokalt lag, foreining og forsamling er sjølvstendige. Det gjer at dei sjølv kan bestemme kva dei vil bruke lokalt av det som IMS og ImF lagar til og foreslår. Dersom eit lag, foreining eller forsamling knyter seg opp mot IMS, får dei nyte godt av dei tenestene som både IMS og ImF tilbyr. I tillegg kan dei vere med å støtte eit arbeid som betyr mykje for andre bygder.

ims Indremisjonssamskipnaden
*Med Guds ord til folket*

**Dette kan IMS tilby:**
Leirar og leirstader - Talarhjelp - Rådgiving og utvikling inn mot fellesskapet på bedehuset - Leiartrening - Konfirmantopplegg - Storsamlingar og andre arrangement - Kristen bokhandel - Kristen videregåande skule

imf Indremisjonsforbundet

**Dette kan ImF tilby:**
Talarhjelp - Rådgiving og utvikling inn mot fellesskapet på bedehuset - Aktuelle verktøy (Awana, ungLeder, Futurum, Namu, M4++) - Leiartrening - Bibelskulen Bildøy og barnehage- og skuledrift elles - Bibelcamp - Lederkonferansen og andre arrangement - Mediahjelp - Medlemsregistrering av lag - Økonomiske støtteordningar - Administrere givarteneste med skattefradrag




*Her er 9 av kretsane som er knyta til ImF. I tillegg har me Finnmark Indremisjon.*



Venen 2019 - 3 første del.indd 21 10.05.2019 00:32:30

# HELGATUNLIA LEILIGHETER

Helgatunlia borettslag setter spaden i jorden like over sommeren.

Arbeidet med utbyggingen av Helgatunlia borettslag skrider frem med sikte mot byggestart høsten 2019. Målet om å ruste Helgatun Fjellpensjonat til fortsatt å være en misjonsstasjon der gjester og besøkende kan møte Jesus som sin frelser, er noe realiseringen av Helgatunlia borettslag kan bidra til. Etter 45 år med høy aktivitet og mange gjester trengs det investeringer og oppgraderinger av Helgatun. Myrkdalen har også blitt en av vestlandets største skidestinasjoner og årlig kommer det tusenvis av besøkende til Myrkdalen. Med Helgatun i hjertet av dalen har vi en unik mulighet til å nå nye mennesker med evangeliet.

## Mange beslutninger

Det har vært en hektisk vinter i arbeidet med Helgatunlia borettslag. Etter godkjent reguleringsplan der Voss byggsenter stod for planarbeidet, har det gjennom vinteren vært mange møter og befaringer, og viktige beslutninger er fattet i styret for borettslaget. Daglig leder Odd Inge Austevoll har ledet prosessen, og med sin erfaring fra tidligere byggeprosjekt har prosjektet kommet så langt at vi nå i mai leverer inn rammesøknad til kommunen for hele prosjektet. Dette er en milepæl og noe misjonsfolket kan være stolt av. Visjonen til initiativtakerne om å utvikle Helgatun er nærmere å bli realisert enn noensinne.

## Valg av arkitekt

Styret for Helgatunlia inviterte ulike arkitektfirmaer til å utvikle tegninger til de 74 leilighetene. Etter en vurdering av de innsendte tilbudene bestemte styret at de ønsket å gå videre med arkitektfirmaet ABO. ABO er en erfaren arkitektgruppe, og kan vise til tilsvarende prosjekt i porteføljen sin. De hadde levert et spennende arkitektonisk uttrykk som styret mente ville bidra til å synliggjøre Helgatunlia i Myrkdalen og noe vi kan være stolt av. Det er også i tegningene lagt opp til varierte størrelser av leiligheter som styret mener vil kunne møte ulike behov hos kjøperne. Planen er å bygge ut 42 leiligheter i første byggetrinn i nederste delen av feltet, nærmest Helgatun. Alle leiligheter får garasje i kjeller og skibod. I byggetrinn 2 vil det bli bygd ut 32 leiligheter.

## Interessentliste og markedsundersøkelse

Vi er glade for at mange meldte sin interesse for prosjektet når vi lanserte leilighetene gjennom sosiale medier og ulike avisoppslag nå i vinter. Det er nå i overkant av 30 personer som er interessert, noe som gir oss forventninger om at vi er godt på vei til å selge det antallet vi trenger for å starte byggingen. I neste fase av prosjektet vil arbeidet med markedsføring og salg av leiligheter styrkes, og vi vil utvikle trykksaker, internettside og annet materiell som kan brukes i arbeidet med dette. Det vil også bli planlagt besøk til menigheter og forsamlinger for å presentere leilighetene.

Styret hadde også en markedsundersøkelse blant interessentene for å avdekke hva kjøperne var opptatt av å ha i leiligheten. Denne brukerunder-






Venen 2019 - 3 første del.indd 22 10.05.2019 00:32:30

# I HJARTE AV MYRKDALEN

søkelsen resulterte i mange gode innspill, og viste også at det var stor interesse for å kunne leie ut leilighetene gjennom Helgatun Fjellpensjonat. Noe som kan bli et etterlengtet tilskudd for økt sengekapasitet i travle perioder for Helgatun.

**Kompetent styre og ledelse:**
Styret for Helgatunlia borettslag består av frivillige med ulik kompetanse og erfaring, noe som har vist seg særlig fruktbart i utvikling av prosjektet. Dette gjør også at vi kan ha ulike perspektiv underveis i arbeidet. Samtidig var det helt nødvendig å få på plass daglig ledelse av arbeidet. Det var derfor svært gledelig at Odd Inge Austevoll, tidligere inspektør ved Framnes kristne videregående skole, ble tilsatt som daglig leder.

**Utfordringer fremover**
Styret ser også at det blir utfordringer fremover for å realisere byggeprosjektet. I tiden fremover vil det bli særlig viktig å få solgt leilighetene. Styret jobber også videre med å få en finansieringsplan på plass slik at fremdriftsplanen kan følges. Så her er mange utfordringer og arbeidsoppgaver som skal gjennomføres.

Vi gleder oss til å presentere leilighetsprosjektet for dere misjonsfolk på årsmøte i juni, og håper at mange vil melde sin interesse for dette og være ambassadører ut mot aktuelle kjøpere. Følg også med på www.helgatunlia.no

## HELGATUNLIA
**www.helgatunlia.no**

Styret består av: Nils Tveite, Marianne Heggholmen Aarbø, John Morten Espevik, Andreas C Våge og Per Ivar Kjærgård.

Daglig leder: Odd Inge Austevoll

**Milepæl og fremdriftsplan:**
Reguleringsplan godkjent februar 2019, takk til Øystein Måkestad (Voss Byggsenter)
Vår 2019: Arbeid med valg av arkitekt, utskilling av tomt, utarbeidelse av rammeløyvesøknad.

**Fremdriftsplan videre:**
2019: Grunnarbeid
2020: (fra mai)
Byggestart leiligheter
2021: (vinter) Ferdigstilling trinn 1, 42 leiligheter
2022: (vinter) Ferdigstilling trinn 2, 32 leiligheter









Venen 2019 - 3 første del.indd 23 10.05.2019 00:32:31

*Vi vil bygga varme inkluderande fellesskap, vinna nye for Jesus, og gjera dei til Hans disiplar.*

# Årsmelding for 2018

***Smak og sjå at Herren er god! Sæl er den som søkjer tilflukt hos han.***

*Salme 34, 9*

155 år er gått sidan IMS sin start. I ei årsmelding er det tid for statusrapport. Me ynskjer å læra av våre erfaringar, både gjennom året og lengre tilbake i tid, for å sjå korleis me best mogleg kan utvikla arbeidet framover.

Formålet vårt er stort og breidt; fremja Guds rike og halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid. For ei ære, og for eit ansvar det er å få vera med på dette.

## Romma eit stort mangfald

Meir og meir ser me kor ulike behova er i kvar bygd, og også for forskjellige menneske. Det som er rett for ei bygd, er kanskje ikkje det rette for ei anna bygd. Det som er rett for eit menneske er kanskje ikkje det rette for eit anna menneske. Så er det sjølvsagt vesentleg oppi dette å også spørja kva planar Gud har for den enkelte og kvar bygd. Det er viktig at me set kvarandre fri, og ikkje bind andre med våre meiningar og kjensler. IMS står for klassisk kristen tru som er fundamentert i truskap til Bibelen og bekjenninga. Det er vårt ynskje at dette skal sameina oss også for framtida. Likevel kan arbeidsmåtane vera ulike, og korleis ein best kan fremja Guds rike kan sjå ulikt ut frå bygd til bygd. IMS er summen av lokal lag og foreiningar. Dette fører til at me skal romma eit stort mangfald, og me har også eit fargerikt IMS.

## Dei to spora

Det er viktig å lytta til behova dei lokale har, og støtta dei i aktuelle prosessar. Me har blant anna sagt at me ynskjer å støtta dei som ynskjer å gå i prosess mot forsamling med eit fullverdig tenestetilbod, samtidig som me også ynskjer å støtta dei som ynskjer å stå i tettare samarbeid med DnK eller andre – men som likevel er klar til å utvikla seg vidare. Nokon ynskjer at me skal uttrykka oss sterkare eine eller andre vegen, men korleis kan me det dersom me også ynskjer å romma dei ulike behova som det trass alt er lokalt? Me må ha lov å tenkja differensiert. Mangfald er eit nøkkelord.

## Ting veks fram

I IndremisjonsVenen nr 02/18 kan me lesa om at «Gud greip inn!». Laurhammer Indremisjon hadde nett hatt årsmøte, eit ikkje altfor optimistisk eit. Like etter kom Tor Ingvald Lauvrak på møteveke. Den vart forlenga til tre veker. Både unge og godt vaksne i forsamlinga fekk oppleva fornying og trong etter å kjenna Gud meir. I etterkant har fleire større og mindre fellesskap starta. Det er komen ny glød inn i forsamlinga.

Så såg også ImF Fitjar sitt lys i 2018. Det starta med at to familiar samlast i ein heim i 2017. Fellesskapet vaks, og i januar 2018 flytta dei ut av heimen og inn i Osterneset bedehus. Bakgrunnen for oppstart var at fleire lengta etter eit åndeleg fellesskap der ein kunne samlast regelmessig for heile familien. Så skal me ikkje leggja skjul på at å starta opp nytt kristent fellesskap der det allereie er noko frå før har vore krevjande, både for nytt og eksisterande fellesskap. Her ynskjer IMS å gå saman med begge fellesskapa. Med tida til hjelp håpar me ein kan kunna stå saman om det ein kan, og at ein kan velsigna kvarandre sitt arbeid når vegane er ulike.

Mange bygder opplever glød inn mot arbeidet. Guds Ord vert forkynt, nådegåver er i funksjon, og mange er med i små og store fellesskap der dei får veksa i kjennskap til Herren.

## Status satsingsområda

Utanom talarhjelp og leir, har me i 2018 også hatt fokus inn mot satsingsområda våre:
- Forsamlingsbygging
- Leiartrening
- Fellesskapsplanting
- Konfirmantarbeid

Ved årsskiftet 2018/2019 var me ca her i prosessen:

## Forsamlingsbygging:

- Halsnøy og Voss Indremisjon er i prosess på korleis bli sunnare. Dei nyttar Naturleg menighetsutvikling (NaMu) som verktøy og har med vegleiarar. Begge stader er det ei lokal gruppe som driv arbeidet fram. Gilje- og Thormodsæter Indremisjon hadde også forsamlingsmøtet hausten 2018, der det vart grønt lys for å gå i NaMu-prosess.
- Personar er oppnemnd som kan foreta dåp m.m. Det er elles eit ynskje at tenester i størst mogleg grad vert utført av lokalt leiarskap og at leiarane blir utrusta til oppgåva.
- Me har i fleire fora (IndremisjonsVenen, leiar-samlingar, ressursgrupper, arbeidarsamlingar) fokus på temaet livskraftige forsamlingar.
- I mars gjennomførte me Forsamlingskonferanse i Norheimsund

## Leiartrening

- Ressursgrupper er i funksjon.
- Våren 2018 gjennomførte me fleire lokale leiarsamlingar, men hausten 2018 fokuserte me på KRAFT.
- I august var dagleg leiar og ungleiar på innføringsdag for UngLeder. Dette er eit leiarkonsept laga av NLM-ung, til bruk også i vår samanheng. Konseptet kan enkelt tas i bruk lokalt, og inneheld videoundervisning og opplegg for gruppesamtale. Sjekk gjerne ut www.ungleder.no, eller ta kontakt om du vil vita meir om dette.
- 29. september gjennomførte me teneste- og leiarkonferansen KRAFT der rundt 100 menneske var tilstades.
- 35-40 personar frå IMS (medrekna tilsette) var på leiarkonferansen på ImF Straume i november.



Venen 2019 - 3 første del.indd 24 10.05.2019 00:32:31

## Fellesskapsplanting

- Me kommuniserer temaet og får det stadig meir på innsida av huden. I januar hadde me eiga samling på Leirvik med fokus på temaet.
- Kontakten med John Torjus Eriksen, leiar for fellesskapsplanting ImF, er god. Fleire frå området vårt var også med John Torjus til England for å læra av plantingsarbeidet der.
- Me er i miljø for læring, både gjennom John Torjus, men også ved at Ung-leiar og dagleg leiar fekk vera delaktig i Sendt læringsfellesskap i Oslo november 2018.
- Me støttar dei som ynskjer å bygga nye fellesskap. Målet er at Guds rike skal veksa, og at fleire skal finna ei forsamling dei kjenner seg heime i. Me heiar også på etablerte fellesskap, og ynskjer at nye og etablerte fellesskap kan velsigna kvarandre.

## Konfirmantarbeid

- Elleve konfirmantar valde skuleåret 2017/2018 IMS sitt konfirmasjonstilbod. Frå hausten er det ni konfirmantar som følgjer ConTeenNew. Tilsette og frivillige leiarar driv arbeidet.
- Det er konfirmantundervisning ein gong i månaden. I vinterferien var det første kullet på weekend til Latvia. I september var det blikjent weekend for det andre kullet, med undervisning og godt fellesskap.

## Foreiningane i IMS i dag:

Pr nyttår var det totalt 144 lag, foreiningar og kontaktar, fordelt slik:

- Indremisjonsforeiningar/ forsamlingar 61
- Kontaktar 14
- Kvinneforeingar 14
- Mannsforeiningar 1
- Andre lag og foreiningar 1
- Kor 6
- Barne- og ungdomslag 47

Dette er ein nedgong på 10 lag/foreiningar frå 2017.

## ARBEIDARANE

Arbeidarane er vår viktigaste ressurs, og det er nødvendig å satsa på fast tilsette arbeidarar. I tillegg er me svært glade for alle frivillige som stiller opp i forkynnarverksemd og hjelper til med andre oppgåver. Nokre foreiningar har eigne tilsette som dei lønar sjølv. Sjå liste under. Kåre Johan Hamre brukar noko av arbeidstida si lokalt i Granvin, og Marit Andresen Røen er engasjert i barnekor heime i Samnanger.

## Arbeidarane i 2018 har vore:

**Marit Hårklau Ådnanes**
Dagleg leiar 80 %

**Guri Bjørnevik**
Kontorleiar 80 %

**Kåre Johan Hamre**
Forkynnar 100 % - jobbar på Helgatun i sommarmånadane

**Marit Andresen Røen**
Evangelist 50 %

**Olav Eikemo**
Forkynnar 50 % januar – mars og september – november

**Aksel Ingvard Johannessen**
Forkynnar, avtalte dagar

**Arne Lindekleiv**
Administrasjonskonsulent 20 %

**Ingfrid Byrkja Hystad**
Barnesekretær 80 % til 01.08.

**Jakob Saghaug**
Ungdomssekretær 90 % til 01.08.

**Lise Marie Thuestad Litlabø**
Barne- og familiearbeidar 50 %

**Johannes Olsen**
Leir- og familiearbeidar 20 % til 01.08.
Ung-leiar 60 % frå 01.08.
Satsingsområde 40 % frå 01.08.

## Tilsett av lokalforeiningar

**Knut Kvamme**
Forsamlingsleiar Voss 60 %

**Ingvill og Olav Humlebrekke**
BUF-arbeidarar Voss til saman 50 %
Frå august gjekk Ingvill ut i morspermisjon, og Olav har fortsatt i si 30 % stilling.

**Vidar Sangolt**
Ungdoms- og forsamlingsarbeidar i Norheimsund og Øystese 46 % (15 % i Norheimsund, 31 % i Øystese).

**Ingvild Løklingholm**
Forsamlingsleiar ImF Stord 100 % frå 1. august

## Tilsette Brandøy og Helgatun

Sjå eigne årsmeldingar.

## Fritidsforkynnarar:

I 2018 har desse vore ute på møte/arrangement:
Toralf Steinsland, Solveig Norheim, Jens Tveit, Ola Malvin Lomheim, Arne Lindekleiv, Liv Stokken, Knut Inge Røen, Klaus Muff, Svein Bjarne Aase, Aksel Lygre, Liv Rolfsnes, Ove Tvedt, Marit Dahl Hollund, Håkon C. Hartvedt, Hans Arne Børsheim, Jorunn Eikemo, Nils Håkon Urangsæter, Reidar Brevik, Grethe Myhre, Lars Reinlund, Jan-Ove Fagerheim, Marit Elisebet Totland, Tore Thomassen, Arvid Fosse, Tor Fremmegård, Toril Sortland, Harald Rydland og Arvid Fosse.

## Frå ImF-samanheng:

Erik Furnes, Gunnar Ferstad, Håkon Garvo, Leiv Nesheim, Marit Stokken Berland, Kenneth Foss, Johan Halsne, Torgeir Skrunes, Per Gunstein Nes, Ingbjørn Vingen, Andreas Evensen,Tor Ingvald Lauvrak og Runar Landro.

## ARRANGEMENT

### Sommarens Storsamling, Ølen 8.-10. juni

Utanom årsmøtesaker, er forkynninga og fellesskapet viktig under årsmøtehelga. Andreas Evensen, leiar i ImF-ung, var hovudtalar. Temaet var «saman», med undertema: «saman i trua», «saman i heimen» og «saman, men ulike». Evensen la mellom anna vekt på kor viktig foreldra er for trua til barna. Det er mor, far og besteforeldre som har størst innverknad på barna si tru. Det er her hovudansvaret ligg, og det er her me må trykkja til, understreka han.

Det var godkjent 96 utsendingar til utsendingsmøtet. Utanom vanlege årsmøtesaker, var det fokus på omstrukturering av IMS, Helgatun hytteutvikling og «Gi det vidare». Her prøvde me oss for første gong på gruppesamtalar under utsendingsmøtet, noko me fekk god respons på. Det var fokus på korleis få neste generasjon med, og korleis me kan utrusta til teneste. Til slutt var det også glimt frå arbeidet i nokre bygder; Naturleg menighetsutvikling Voss, og Awana-arbeidet på ZoomIn; ungdomsarbeidet på Gilje.



Venen 2019 - 3 første del.indd 25
10.05.2019 00:32:32

Eit team av lokale songarar og musikarar, leia av Lill-Inger Velde, leia allsongen. Fredagskvelden var det konsert med Voice of Joy. Tore Thomassen var med både laurdag og søndag; hadde konsert, opplegg med barna og appell under siste møtet søndag.

Brandøy var fullt opp denne helga. Eit team frå ImF Fitjar leia bøn og lovsong etter programslutt i Ølen. Her var drøs og gode samtalar. Ungdommane hadde også samlingar og aktivitetar på Brandøy, og fleire overnatta i telt i sommarvarmen.

Den lokale nemnda gjorde ein framifrå jobb med å førebu og gjennomføra arrangementet. Det var kjekt å sjå at så mange frå ulike samanhengar var med og drog lasset. Tusen takk til alle som bidrog!

## Forsamlingskonferanse

Sidan me i Sunnhordlandsregionen hadde fokus på teneste- og leiarkonferansen KRAFT, vart det kun arrangert Forsamlingskonferanse i Norheimsund, ikkje på Stord som dei to førre åra.

Rundt 60 personar, lokale leiarar m.fl., møtte i Norheimsund bedehus 10. mars. Runar Landro underviste. Temaet var «ikkje utan deg!» med fokus på kor viktig den enkelte er for fellesskapet. Takk til lokale krefter som ordna alt det praktiske rundt konferansen.

## Evangelisering under Tysnesfest

I juli var igjen eit lokalt team, folk frå OAC (Open Air Campaigners) m.fl. med på Pit stop under Tysnesfest. Dette evangeliseringstiltaket er eit initiativ frå misjonsvenner på Tysnes, der ein set opp partytelt utanfor bedehuset. Forbigåande på veg til festivalområdet kan så få seg ein kopp kaffi, vaffel og god prat. Fleire nyttar høvet år etter år, og ein kjem i kontakt med mange som har eit meir perifert forhold til Jesus.

## Brandøyhelg 25.-26. august

Den tradisjonelle Brandøydagen er dei siste åra utvida til å også inkludera opplegg laurdagen. Laurdagen var det temasamling ved Aksel Lygre om «Å veksa i nåde og kjennskap til Jesus». Rundt 100 personar var så samla til middags- og dessertbuffet, før Ryfylke Livsgnist framførte «Nåde». Mange nytta høvet til å overnatta på Brandøy til søndagen. Det var fullt hus under stormøtet kl 1100. Lise Marie Thuestad Litlabø hadde speedleir for barna, medan Johannes Olsen tala til vaksne i aktivitetshallen. Etter pause med lapskaus, dessertar, hoppeslott, zip-line og lufgeværskyting vart helga avslutta med familiesamling, der Marit Andresen Røen heldt andakt.

## Haustmøtehelg 29. september – 1. oktober m/KRAFT

Haustmøtehelga er i endring. Go`fredag kom inn for nokre år sidan. Fredagen er Leirvik bedehus dekka til fest med langbord. Det skal vera ein kveld med både humor og alvor, god mat og fellesskap i fokus. Svein Bjarne Aase var i haust konferansier, og Astrid Dalehaug Norheim tok oss gjennom temaet «Kraft i kvardagen». «Praise» - lovsongsgruppe frå Vindafjord leia lovsongen. Leirmimring sette ekstra spiss over kvelden.

Laurdagen var via til KRAFT; teneste- og leiarkonferanse. Denne vart arrangert for fyrste gong. Hovudsalen var fylt opp av engasjerte personar i arbeidet lokalt. Dagen var delt inn i fellessesjonar, valfrie seminar, nettverk og speed learning. Mange var involverte gjennom dagen, og bidrog til eit mangfaldig program; tilsette i ImF, IMS, lokale forsamlingar og fleire frivillige. Takk også til dei som tilrettela praktisk. Sjølv om dagen vart vel intens, har tilbakemeldingane vore gode og oppløftande. Noko av undervisninga frå dagen ligg på podcast på nettsida vår: www.indremisjonen.no.

Laurdag kveld var det «Vi møtes» der John Torjus Eriksen heldt appell. ImF-Fitjar leia lovsong, og Mariann Steinsland var kveldens gjest. Ole Andrè Stokken framførte også sjølvlaga songar.
Søndagen vart det arrangert fleire lokale møter i regi av haustmøtehelga.

## Viktige arrangement elles:

Kvinnehelger:
Damehelg Brandøy: februar
Kvinnehelg Brandøy: september
Damehelg Helgatun: september
Brandøytreffet: februar
Vårtreff Brandøy: april
Pusterom Helgatun: oktober

## Ressursgrupper

Dette er samlingar for hovudleiarar i lokale foreiningar. Det er i dag tre slike grupper; to i Sunnhordland og ei i Hardanger. Ei gruppe består av fire - åtte medlemmer, vert leia av dagleg leiar i IMS, og møtest to gonger i semesteret. Aktuelle tema, samtale og case om arbeidet står i fokus, så ei økt på tre timar går fort unna. Målet med gruppene er mellom anna at ein gjennom samtale og refleksjon skal hjelpa kvarandre til å veksa som sunne leiarar, og utrusta kvarandre til tenesta.

## Julemesser på Tysnes og Bremnes

Tusen takk til alle som legg ned fantastisk innsats for å få julemessene vel i hamn. Det same gjeld for alle som steller i stand basarar.
Julemessa på Tysnes gjekk av stabelen 24. november i Tysnes bedehus, og det vart sendt kr 78.000,- til IMS etter messa, litt oppgong frå førre år.
1. desember var det julemesse på Bremnes, denne gongen i Fleirbrukshallen på Gilje. Julemessa var redusert med ein dag, så det var fantastisk at ein nesten fekk inn same beløpet som året før. Då vart det sendt kr 163.000,- til IMS. I 2018 kr 155.000,- .
I tillegg til at julemessene gir kjærkomne inntekter til IMS sitt arbeid, er messene viktige møtestader for bygdefolket, både åndeleg og sosialt.

## FRAMNES, BRANDØY OG HELGATUN

Me er svært stolte og takknemlege for det store arbeidet som vert drive på Framnes, Brandøy og Helgatun. Dei er viktig reiskap i arbeidet med å fremja Guds rike. Mange me ikkje når gjennom lags- og foreiningsarbeid, kan nåast nettopp gjennom leir og arrangement på Brandøy og Helgatun, eller gjennom skuledrifta på Framnes. Tusen takk til personalet på desse stadane som gjer ein enorm innsats, og som legg så godt til rette for alle som har opphald her.

Sjå elles eigne årsmeldingar.



Venen 2019 - 3 første del.indd 26 10.05.2019 00:32:32

## HELGATUNLIA

Nettopp Helgatunlia er namnet på området der ein no arbeider med utvikling av leiligheter for sal. Salet vil også generera pengar til Helgatun. Helgatunlia ligg like ovanfor Helgatun fjellpensjonat, og er betegna som «indrefileten» i Myrkdalen.

Sommaren 2018 oppretta IMS eit interimstyre for prosjektet. Styret består av fem representantar frå ulike delar av IMS sitt arbeid med kompletterande kompetanse, og vert leia av ein av initiativtakarane for prosjektet, Nils Tveite. Marianne Heggholmen Aarbø, Per Ivar Kjærgård, John Morten Espevik og Andreas C. Våge er også med i interimstyret. Sjølv om Odd Inge Austevoll ikkje vart formelt tilsett som dagleg leiar for prosjektet før 1. februar 2019, har han vore svært delaktig alt frå hausten 2018.

Voss Byggsenter med Øystein Måkestad i spissen har utarbeidd reguleringsplan for området med høve for å bygga 74 leiligheter. Denne vart godkjent på nyåret 2019.

Mykje har skjedd med prosjektet gjennom 2018, og endå meir vil skje i 2019. Over 30 personar har vist interesse for leilighet i ein av Vestlandet sine flottaste fjelldestinasjonar. Det blir spennande å sjå korleis Helgatunlia og Helgatun saman kan utvikla visjonen om ein misjonsstasjon i Myrkdalen.

## MEDIA
## www.indremisjonen.no og Facebook.

I skrivande stund har Facebooksida 1017 likarar. Dette er eit nyttig verktøy om me raskt vil ha ut meldingar, invitera til ulike arrangement m.m.

Elles skjer påmeldingar til leir og ulike arrangement no direkte via påmeldingsskjema på nettsida vår. Dette fungerer veldig greit. Me har framleis eit stort potensiale i å utvikla vår kommunikasjon på sosiale medier.

### IndremisjonVenen

Kretsbladet vårt har i dag ca 3.400 abonnentar, og kjem ut med fem nummer i året. Her finn du glimt frå arbeidet, oversikt over arrangement, reiserute for arbeidarane, andakt med meir. Gjennom året får abonnentane tilsendt fire gåvegiroar, i tillegg til bladgåvegiro. Slik får IMS inn ei kjærkomen gåve.
Ei stor takk til Jan-Ove Fagerheim som har ansvaret for layout på bladet.

### SunnBok A/S

Silje Helen Fyllingen er dagleg leiar i ca 70 prosent stilling. Mariann E. Milje er tilsett i ca 50 prosent stilling, og Ingrid Grimstad har vore sommarhjelp. Rune Kvilhaugsvik er styreleiar.

I 2018 auka ImF Stord og IMS aksjekapitalen sin med kr 25.000,- kvar, og sit no med 245 aksjar kvar i SunnBok.

2018 viser auke i omsetninga på kr 217.716,-. På grunn av auka utgifter, landa likevel årsresultatet på kr 84.329,- i minus.

Dagleg leiar er kreativ for å få merksemd om butikken og auka omsetning. I 2018 har det vore Barnas dag, 40-års feiring, forfattarkveld, boksigneringar og høgtlesing. Desse dagane gir gode omsetningstal. I tillegg er det fleire som tar SunnBok med ut på tur og arrangement, og tilsette er sjølv tilstades på julemesser, damehelger m.m. Det er utfordrande å driva bokbutikk, så me oppfordrar alle til å nytta bokhandelen vår. SunnBok har eit breidt sortiment, og utanom bøker sel dei instrument, gåveartiklar, kontorrekvisita med meir. Her kan du også handla reinhaldsprodukt til drift av bedehuset.

## PLUSSREISER

IMS har aksjar i Plussreiser, det som tidlegare heitte SI-reiser, med andel på 2 %. I tillegg til oppsette turar, er Plussreiser også konkurransedyktig på bestillingsreiser, og har fleire avtalar med hotell, busselskap m.m. Ta gjerne ein tur innom www.plussreiser.no.
Svein Bjarne Aase er vår representant i styret.

## ØKONOMIEN

Gåveinntektene har auka med kr 476.947,- frå 2017, og totale driftsinntekter var på kr 5.465.493,- ein auke på kr 459.693,-.

Sjølv om inntektene viser ein fin auke, har kostnadane auka tilsvarande. Driftsresultatet i 2018 viser eit underskot på kr 275.633. Året før var det på kr 278.246,-.

Det er eit ynskje at inntektene kjem meir stabilt inn frå lag og foreiningar gjennom året. Ofte lever me i uvisse om det kjem gåver og kva tid dei kjem. Nokre foreiningar og forsamlingar har fast givarteneste til IMS kvar månad. Dette er ei grei ordning for oss. Av erfaring ligg me langt på minussida om sommaren og tidleg haust. Så kjem det gode inntekter november og desember, både gåver frå enkeltpersonar, lag, julemesser med meir. Slik var det også dette året. Ved utgongen av oktober var underskotet på over ein million kroner. Til slutt landa fjoråret med eit underskot på kr 224.167,-. Det var ikkje ekstraordinære inntekter i 2018.

Me ynskjer heile tida å ha eit vake auga på økonomien. Kor er det mogleg å henta meir i inntekter, og kor kan ein eventuelt kutta i kostnadar?

### Fast givarteneste

Når vi ser på kor mange faste givarar vi har i IMS, er det eit stort potensiale her. Ved utgangen av 2018 hadde vi i underkant av 200 personar som er registrert som faste gjevarar og som får skattefrådrag for gåva.
På slutten av året sette styret ned ei gruppe som skal sjå på inntekene til IMS. Denne vil jobba vidare i 2019.

Varm takk til deg som står med oss i arbeidet, også økonomisk.

## EIGE HUSSTYRE FOR IMS-BYGGET

Desse er med i husstyret for IMS: Svein Bjarne Aase (leiar), Arne Lindekleiv (sekretær), Oskar Emil Langeland, Dag Myhre og John Morten Espevik. Styret skal ha ansvar for dagleg tilsyn og vedlikehald av eigedommen.

Like før jul i 2017 vart me kontakta av interessert kjøpar for huset. I 2018 har ei eiga gruppe beståande av Svein Bjarne Aase, Arne Lindekleiv, Jarle Steinsland, Hermod Kirkeli og Marit Hårklau Ådnanes arbeidd med dette, og sett på om det er mest tenleg å behalda IMS-huset eller selja det. Løysinga og forpliktingane med å selja vart for dyr for oss, så konklusjonen vart at me avventar nokre år til med å sjå nærare på eit evt. sal.



Venen 2019 - 3 første del.indd 27 10.05.2019 00:32:32

## IMS-STYRET

**Fram til årsmøtet i 2018 var styret samansett slik:**

Liv Ingunn Heie Medhaug – konstituert formann
Per Gunnar Nordbø, John Morten Espevik, Brit Gjerde Voster, Bjørn Saghaug, Marte Kvilhaugsvik, Ole Bernar Innvær – styremedlemmer
Tor Espen Kristensen – 3. vara.
1.og 2. vara rykka opp til styremedlemmer hausten 2017 då formann Ingebrigt S. Sørfonn vart sjuk, og nestformann Anfinn Økland dessverre døydde etter kort tids sjukeleie.

**Etter årsmøtet 2018 var samansettinga slik:**

Ole Bernar Innvær – formann
Liv Ingunn Heie Medhaug – nestformann
John Morten Espevik, Brit Gjerde Voster, Bjørn Saghaug, Bernt Arild Gjøvåg, Olaug Fagerheim – styremedlemer,
Marte Kvilhaugsvik – 1. vara,
Oddvar Martin Torget – 2. vara,
Åse Farestveit – 3. vara.

Styret har hatt 6 styremøte og handsama 79 saker. Mellom anna har styret handsama økonomi- og budsjettarbeid, Helgatunlia, tilsetjingar, IMS-huset, større møter, satsingsområda til IMS og samtala om arbeidet. Styret har jamnleg fått orientering om arbeidet på Brandøy, Helgatun, Framnes og SunnBok.

Styret har hatt eit styremøte på Helgatun der me møtte Helgatunstyret, eit på Brandøy der me også møtte Brandøystyret, og eit på Framnes der me møtte avdelingsleiarane og formann.

## TAKK OG GLEDE

Mest av alt kjenner me på glede ved å stå i eit meiningsfullt arbeid der me får vera med på å fremja Guds rike og halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid. Utfordringar og smerte er det dei fleste stader, så ei oppmoding kan vera å hjelpa kvarandre til å telja velsigningane i staden. Først og fremst takk til Gud som er trufast, som viser veg, gir visdom og gir oss av si kraft og sin kjærleik.

Så ei stor takk til dykk misjonsvenner som står med i arbeidet på ulikt vis. Mange er med og ber, oppmuntrar, støttar økonomisk, trør til på leir, i styrer, komitéar, praktisk, drar på forkynnaroppdrag og leier arbeidet lokalt. Tusen takk til deg!

Me takkar for flotte tilsette som me står saman med i tenesta. Det gjeld arbeidarar på Framnes, SunnBok, Helgatun, Brandøy, forkynnarar, barne- og ungdomsarbeidarar, tilsette på kontoret og tilsette på lokale bedehus.

*Ole Bernar Innvær*
*formann*

*Liv Ingunn Heie Medhaug*
*nestformann*

*John Morten Espevik*

*Brit Gjerde Voster*

*Bjørn Saghaug*

*Bernt Arild Gjøvåg*

*Olaug Fagerheim*

*Marte Kvilhaugsvik*
*1. vara*

*Marit Hårklau Ådnanes*
*dagleg leiar*


**Ynskjer du deg ei meiningsfull ferieveke i sommar for heile familien?**

# Familieleir 2019

**3.-7. juli på Brandøy**

*Maks pris for heile familien:*
*6000 kroner*

*3-7 år: 930 kroner*
*8-12 år: 1060 kroner*
*13-16 år: 1220 kroner*
*Vaksen: 1730 kroner*





**Meld deg på: indremisjonen.no og klikk deg inn på "LEIR"**





Venen 2019 - 3 første del.indd 28 10.05.2019 00:32:33

BJØRGVIN
REVISJON

## UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Til årsmøtet i **Indremisjonssamskipnaden**

**Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet**

*Konklusjon*

Vi har revidert årsregnskapet til Indremisjonssamskipnaden, som viser et underskudd på kr 224 167,-, samt særskilte årsregnskap for underenhetene:

- Brandøy Misjons- og konferansesenter som viser et underskudd på kr 262 609,-, og
- Framnes Eigedom som viser et overskudd på kr 479 598,-.

Resultatet av underenhetenes aktiviteter er ikke inkludert i Indremisjonssamskipnaden sitt resultat over Årsregnskapene består av balanse per 31. desember 2018, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapene, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er de medfølgende årsregnskaper avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av Indremisjonssamskipnadens, Brandøy Misjons- og konferansesenter, og Framnes Eigedom sin finansielle stilling per 31. desember 2018, og av deres resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

*Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av foreningen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

*Ledelsens ansvar for årsregnskapet*

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til foreningens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

*Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:

https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

**Uttalelse om øvrige lovmessige krav**

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foreningens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Bergen, 9. april 2019
**BJØRGVIN REVISJON AS**

Tom Dahlstrøm
statsautorisert revisor



Venen 2019 - 3 første del.indd 29 10.05.2019 00:32:33

# Årsmelding for barne- og ungdomsarbeidet 2018

## Tilsette

**Ingfrid Byrkja Hystad**
Barnesekretær, 80 % til 01.08.

**Jakob Saghaug**
Ungdomssekretær, 90 % til 01.08.

**Lise Marie Thuestad Litlabø**
Barne- og familiearbeidar, 50 %

**Johannes Olsen**
Leir- og familiearbeidar,
20 % til 01.08.
Ung-leiar 60 % frå 01.08.
Satsingsområde 40 % frå 01.08

Det har skjedd store endringar i stillingane på BU-avdelinga dette året. Og me har nytta anledninga til å endre litt på stillingsinstruks og måten me er organisert på. Det inneber mellom anna at det er ein Ung-leiar i staden for barnesekretær og ungdomssekretær. Dette inneber ei namneendring til IMS Ung. Me vonar at den nye organiseringa vil gjera IMS Ung meir effektiv i misjonsarbeidet.

Hausten 2018 var IMS Ung underbemanna. Dette løyste me ved å gå litt ned på kvalitet på arrangement og leirar med tanke på PR og nytenking. I tillegg fekk me hjelp frå dagleg leiar, og ny ungdomsarbeidar som vart tilsett januar 2019, men som jobba nokre helger i 2018. Frivillige var òg til stor hjelp denne perioden, og tok på seg oppgåver som vanlegvis tilsette har ansvar for.

## Lagsarbeidet

Ved utgongen av 2018 hadde me 53 (mot 56 i 2017) barne- og ungdomslag, fordelte slik:
13 ungdomslag
34 barnelag
6 barne- og ungdomskor
33 av desse 56 laga har sendt inn medlemsliste for å få frifondmidlar, og 812 unge har betalt medlemskontingent. (I fjor var talet 1028, men året før der igjen var det 820) Sjølv om det er ein liten nedgong i lag, så ser me mykje positivt arbeid ute i bygdene. Det er mange leiarar som gjer ein stor innsats for at fleire skal få høyra om Jesus og verta kjend med han. Heilt i trå med IMS sin visjon om å vinna nye for Jesus og å gjera dei til hans disiplar.

## Leir

**2018**
19 (18) leirar
779 deltakarar
144 leiarverk

**2017**
20 (19) leirar
950 deltakarar
169 leiarverk

**2016**
23 (20) leirar
897 deltakarar
169 leiarverk

Det har vore ein liten nedgang i deltaking på leirane i år. Mykje av grunnen til det, er at me har hatt litt mindre fokus på PR, og har hatt litt færre lagsbesøk dette året. Samstundes ser me ein generell tendens på andre leirstader at det ikkje er den same kulturen for å reise på leir som før. Påskeleiren for 10 kl. ++ var den einaste leiren som vart avlyst. Grunnen var at det var for få leiarar og litt få deltakarar. I 2019 prøver me å slå saman påskeleirane slik at det blir fullt opp på ein leir, og der me kan satse litt meir for alle ungdommane. Elles er det kjekt å sjå at me klarer å gjennomføre to leirar på likt på Helgatun. Det gjer at me får fylt opp meir av huset, og dei kan ha nokre fellesaktivitetar. Dette gjeld leirar frå 5.-7. kl. og 8.-10. kl. Me har og prøvd å få eit lokallag til å ta med heile laget sitt på leir saman med leiarane sine. Dette har me ikkje heilt fått til, men me har eit håp om å få det til neste år. Sjølv om me har hatt ein liten nedgang på leir dette året, har me tru på leirarbeidet, og at det skal bli til velsigning og frelse for mange unge menneske i åra framover.

**- Leirleiarar**
Me er veldig takksame for alle som vil vere leiarar på leir. Me ser at det er ein fin stad å lære opp ungdommar til eit liv i disippelskap og teneste. I tillegg får dei vaksne som er med på leir, knyta verdifulle relasjonar til dei lokale barna som er med, i tillegg til å skape eit trygt og godt miljø på leiren. Me har hatt litt færre leiarar dette året. Litt fordi me ikkje har fått tak i folk, og litt fordi me ynskjer å drive litt meir nøkternt for leirstadane våre. Me vil då gjere leiarane meir rusta for oppgåva, slik at me ikkje treng så mange på kvar leir. For å klare det, har me fått på plass eit UngLeder undervisningsopplegg som er videobasert og som kan drivast lokalt. I tillegg held me på å utvikla nokre filmar som skal utvikla leirleiarane endå meir inn mot leir. Me vonar at dette kan skapa engasjement og glede i ein kvar leiar.

**- Forbedarar**
Forbedartenesta er ei viktig teneste, og me er takksame for alle som står i denne tenesta. Samstundes har me ikkje fått den til å fungere skikkeleg i 2018. Det har vore litt for hektisk i forkant av leir, og rutinane har ikkje vore heilt innarbeida blant nye arbeidarar. Me har prøvd å digitalisere forbønnstenesta dette året, og sender alt ut på mail. Det sparer oss for pengar i post, og for ein del arbeid. Dette har me lyst til å utvikle vidare, og legge meir opp til respons på bønnemailane. Me vonar at det òg kan føre til at fleire får augene opp for denne verdifulle tenesta.

## ConTeenNew Konfirmantarbeid

I 2018 har me avslutta det 1. kullet med konfirmantar. Dei hadde ein flott tur til Latvia, og det var ein høgtideleg konfirmasjon 21. april på Leirvik bedehus, der konfirmantane bidrog med musikk, bibellesing og vart bedne for. Me ser at konfirmantane har hatt vekst i trua, og at kvar og ein på sin måte


Venen 2019 - 3 første del.indd 30 10.05.2019 00:32:33

har kome nærare Jesus. På det neste kullet har me jobba litt med å få ned prisen. Spesielt på hyttetur og misjonstur. Dette har vore veldig vellykka, og me har klart å ta vare på kvaliteten sjølv om det har blitt ein del billigare. Hausten 2018 starta 9 nye konfirmantar opp, dei er frå Kvinnherad, Stord og Fitjar. Opplegget har vore ganske likt som det 1. året, med samling ein gong i månaden i tillegg til hyttetur på Fitjar, misjonsløp og misjonstur til København. Me gler oss til konfirmasjonsdag 27. april 2019.

### Sommarens storsamling/ Årsmøte Ølen

Årsmøte i Ølen gjekk som normalt, med barnas sommerfest på laurdagen og søndagsskule på søndagen. Ekstra kjekt var det å ha Tore Thomassen på besøk. Han bidrog med visdom og song til både store og små. Ungdommane deltok på dei fleste møta, og hadde elles aktivitetar ute på Brandøy. Der var det og mange familiar som overnatta, og dei fekk ha ei kjekk lovsongsstund ut på kvelden.

### Pit Stop

Årets Pit Stop vart gjennomført i slutten av haustferien slik me pleier. Den starta torsdag kveld, og vart avslutta med fellesmøte med Leirvik bedehus på søndagen. Denne gongen hadde den nye ungdomsarbeidaren Eirik Stensland bibeltimane, og underteikna hadde dei fleste kveldsmøta. I tillegg hadde me med Link, som er eit band frå Nordhordaland som hjalp oss med lovsong. Det var kjekke møte der fokuset var omvending frå synd, og å leva saman med Jesus. Det var fleire som vart helbreda under arrangementet, og mange som fekk eit sterkt møte med Jesus

### BUR

Dette året har det ikkje vore eit BUR, barne- og ungdomsråd. IMS Ung har sett på nye måtar å organisere dette på, slik at me kan ha hensiktsmessige organ som hjelper oss i arbeidet, og som kan ha eit lokalt blikk på arbeidet me driv. Me har som mål å få dette på plass innan utgangen av 2019.

### Glede og utfordringar

Som de ser i rapporten, er det mykje å gleda seg over i Ung-avdelinga i IMS. Sjølv om noko av arbeidet har nedgang, er det store endringar som gjer at me kan vera betre rusta, både økonomisk, organisatorisk og åndeleg. Me trur at med dei grepa me tek, vil me sjå fleire unge som vert disippelgjorte, og at me kan driva på ein økonomisk forsvarleg måte. Men me er sjølvsagt heilt avhengige av at både unge og gamle er med som frivillige, og bidrar til at arrangementa våre lar seg gjennomføra. I tillegg er det jo dei som har lagsarbeidet som verkeleg er heltane og gjer at fleire unge får ein trygg og god relasjon til både vaksne og Jesus. Så me gler oss over året som har vore, og ser med forventning fram mot eit nytt år.

***«Sjå, eg gjer noko nytt. No spirer det fram. Merkar de det ikkje? Ja, eg legg veg i ørkenen, elvar i øydemarka.»***
Jesaja 43,19

Johannes Olsen – Ung-leiar i IMS









Venen 2019 - 3 første del.indd 31 10.05.2019 00:32:34

# Helgatun Fjellpensjonat Årsmelding 2018

## Verksemda

Årsmeldinga for Helgatun er eit tilbakeblikk på året som er omme, men samtidig er det viktig at den og blir ein kveik for vidare satsing på denne flotte misjonsstasjonen i Myrkdalen.
Det å ha eit alkoholfritt alternativ, der heile verksemda er tufta på det kristne verdigrunnlaget, set svært mange gjester pris på. Mottoet vårt er: "Ekte livsglede i eit varmt og inkluderande miljø". Dette er det viktig å ha fokus på i ei uroleg tid, der mange kjenner på utryggheit og einsemd.

## Overnattingar

Overnattingar er den viktigaste delen av driftsgrunnlaget. I 2018 hadde Helgatun 9 018 overnattingar mot 10 229 i 2017 - ein nedgang på heile 1.211 frå 2017.
Det var dei norske gruppene som gjorde størst utslag med adskillig færre deltakarar enn året før. I tillegg avbestilte nokre grupper på grunn av snømangel i desember. Det var for dårlege treningstilhøve for dei.

## Bygningar/Inventar/Utstyr

2018 vart eit krevande år på Helgatun. Her kjem kortvarianten:
• Det starta med lampar på kjøkkenet som ikkje fungerte. Det er 5 års garanti på den typen, men dei slokna etter ca 2 ½ år. Dette vart påklagd, men firmaet som hadde hatt elektro-installasjonane, fann ut at dei ikkje hadde fakturert for desse lampane. Dermed kom det ei faktura på ca kr 40 000.
• Deretter fraus vatnet til Huset i skogen, ein varmekabel var defekt – stor jobb.
• Så vart det lekkasje på lekkasje: rom - mellom den nye kjøkkendelen og eksisterande bygg, soverom, annekset og styrarbustaden.
• Me fekk problem med telefonanlegget, noko som kosta tid, frustrasjon og pengar.
• Deretter var det ventilasjonsanlegga. Der måtte det ny elektromotor til.

Alt dette kosta, sjølv om noko vart delvis dekkja av forsikringa. Når mangel på snø, gjorde at fleire grupper melde avbud, vart det hardt økonomisk.

## Økonomi/Gåver

Resultatet inklusiv gåver syner eit underskot på kr 1 316 693, og det seier vel eigentleg sitt. Dette skuldast og at gaveinntektene var lågare enn i 2017, i tillegg til utfordringane som nemnt over. Gåvene er viktige, for dei gir oss moglegheit til å driva leirarbeid og til å halda lave prisar. På den måten får flest mogleg høve til å reisa på leir og høyra bodskapen om Jesus.
Styret meiner årsrekneskapen gjev eit rett bilete av eigedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat.

## Turar/Arrangement

Helgatun er med i Reisegarantifondet og kan driva som turoperatør.
Helgatuntreffet med busstur gjekk i 2018 til Innvik. Det var først to gode dagar på Helgatun der Solveig Norheim/Klaus Muff hadde bibeltimar. Så starta turen med Klaus Muff som talar og Svein Bjarne Aase som sjåfør. Det vart ei flott oppleving med god forkynning, lun humor og gode natur- og matopplevingar. Solveig Norheim var dyktig og engasjert turleiar.
Sunnhordlandstreffet vart og ei flott oppleving med fullt hus. Svein Bjarne Aase var sjåfør. Jorunn og Olav Eikemo delte Guds ord, og det var fin song og musikk av Hagaviktrioen. Her var det og god, solid forkynning og gode bønestunder i tillegg til samtalar, fellesskap, humor og latter. Blåturen gjekk til Lyngmo der deltakarane hadde lunsj. Utruleg flott! Solveig Norheim var dyktig leiar på dette arrangementet og. Alle gåver og alle gode ord er med og understrekar at dette er viktige samlingar.

## Helgatun 45 år

Helgatun var vigsla 12. august 1973 og hadde dermed 45 års jubileum i 2018. Jubileet var feira 28. august, og det vart ein stor festdag. Mykje folk tok turen, og det var flotte møter og god stemning. «Fitjarkvartetten» deltok, Knut Kvamme frå Nain talte på føremiddagsmøtet, Aksel Ingvard Johannessen hadde appell på ettermiddagsmøtet. Ei lovsangsgruppe frå Nain var med på både føremiddags- og ettermiddagsmøtet, og i tillegg song Jorunn og Aksel Ingvard Johannessen på ettermiddagsmøtet.

Stor stas var det og at Ingvard Sandvoll var frisk nok til å komma. Både han og Per Helleve hadde eit tilbakeblikk frå tida då Helgatun vart bygd. Veldig interessant og nyttig kunnskap om Helgatun sine røter.

## Brukargrupper

Det er svært forskjellige grupper som vitjar Helgatun. IMS har sine leirar for born og ungdom, medan Helgatun har Kombileir i samband med palmehelga, ovannemnde turar, Damehelg, Pusterom og juleopphald. Desse gir mykje inspirasjon og velsigning. I påskehelga er det godt å ha støtte frå enkeltpersonar og familiar som hjelper til med program både ute og inne.
Helgatun har besøk av både store konfirmantgrupper og skuleklassar. Mange flotte ungdomar som me alle set stor pris på å få besøk av.
Ungdomsgrupper/familiesamlingar knytt til forskjellige organisasjonar, har Helgatun og mykje av. Det gir oss god kontakt med misjonsfolket, både dei som høyrer til i vår samanheng og andre menigheter. Det er både godt og svært verdifullt å ha den kontakten.

## Personalet

Det vart ein del skifte av personale i 2018. Roman Jacuk vart kjøkkensjef frå 01.01.2018. Joanna Jacuk (kona til Roman) starta 01.01.2018 som kjøkkenassistent og som rom-/reinhaldsassistent.
Helge Røyksund slutta 15. mars og vart pensjonist. Frå ca 1. august starta Jorunn og Aksel Ingvard Johannessen opp som nye nestleiarar.
Anne Mette Norekvål kom tilbake frå fødselspermisjon i månadsskiftet mai/juni. Dei faste har elles vore Sylvi Røssland Sørfonn som dagleg leiar, Helge Røyksund som nestleiar fram til 15. mars og Ingunn Bystøl som har hatt ansvar for reinhald, men som og har vikariert på kjøkken.
I tillegg har Kåre Johan Hamre vore på plass når han ikkje har vore på reisefot. Han har hjelpt oss mykje, og det er me veldig glad for.
Helgatun har med dette ein fantastisk stab som me er svært takknemlege for.


Venen 2019 - 3 første del.indd 32 10.05.2019 00:32:34

## Bustadtilhøve
Jorunn og Aksel Ingvard Johannessen har budd i den eine leiligheita i Annekset, medan den andre er pussa opp og blir nytta til utleige. I styrarbustaden bur Sylvi Røssland Sørfonn, og i kjellarleiligheita Marta Dworakowska og Joanna Malgorzata - to dyktige, positive polske medarbeidarar som har vore, og er, til god hjelp.

## Styret
Styret har vore slik samansett: Kåre Stautland -styreleiar, Anne Marie Solsvik -nestleiarleiar, John Morten Espevik -styremedlem, Brit Gjerde Voster -skrivar, Per Ivar Kjærgård -styremedlem, Jorunn Tveite -1. varamedlem.

## Helgatunhelsing
Helgatunhelsing kom ut med to nummer i 2018. Bladet er eit viktig organ for å halda kontakten med misjonsfolket, både som marknadsføring, informasjon om arrangement og gjevarteneste.

## Arbeidsmiljø
Styret vurderer arbeidsmiljøet på Helgatun som godt. Det var ikkje alvorlege skader eller ulukker i 2018.

## Ytre miljø
Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

## Framleis drift/ Utsikter framover i 2019
Årsrekneskapen for 2018 er sett opp under føresetnad om fortsatt drift.
Utsiktene for 2019 ser bra ut. Det har vore store grupper i vintermånadane, så ser det ut til å bli ein liten down-periode i mai, medan juni, juli og august stort sett er oppbestilt.

## Omdanning til AS
Frå 2019 vert Helgatun omdanna til aksjeselskap. Då blir det en del endringar som me trur vil tena Helgatun på ein god måte. Helgatunlia Burettslag er etablert, og frå sommaren 2019, vert det etter planen starta opp med graving til bygga som skal romma 74 leiligheter for sal.
Dermed blir dette siste gang det blir rapportert på denne måten.

## Takk
Me vil retta ei hjarteleg takk til alle som står med oss i tenesta. Tusen takk for den store dugnadsinnsatsen, gåver, oppmuntringar og forbøn. Me treng dykk! Saman skal me vidareutvikla Helgatun til å vera den reidskapen plassen kan vera i Guds rikes arbeid. Den oppgåva er viktigare enn noko sinne.

Me helsar med Jesaja 41,13:
*Eg, Herren din Gud, held deg i høgre handa og seier til deg: Ottast ikkje, eg hjelper deg.*

*Kåre Stautland, styreleiar*
*John Morten Espevik, styremedlem*
*Brit Gjerde Voster, skrivar*
*Per Ivar Kjærgård, styremedlem*
*Jorunn Tveite, 1. varamedlem*
*Sylvi Røssland Sørfonn, dagleg leiar*

# Av nåde alt jeg får...




## Dugnadsveke på Helgatun

04.-08. juni 2019

Ta med deg heile familien og kom og gjer ein dugnadsinnsats for Helgatun!

**VI** stiller med oppgåver som skal gjerast, utstyr som trengs, god mat og ei seng å sova i.
**DU** kjem og er med dei dagane det passar for deg, ein eller fleire.
**DU** har med arbeidslyst og pågangsmot, innsatsvilje og godt humør!
**SAMAN** skaper vi noko nytt i eit godt fellesskap. Vi skal ha det kjekt i lag!

Påmelding til dugnad@helgatun.no tlf. 56 51 98 98



Venen 2019 - 3 første del.indd 33 10.05.2019 00:32:35

# Årsmelding for Brandøy 2018

Brandøy har no avslutta sitt 52. driftsår. Leirstaden vart vigsla i august 1966, og har gjennom alle desse åra hatt stor verdi for dei mange tusen som har vore på besøk her. Nokre er innom berre ein gong på ein leir, ei lagssamling, eit bryllaup eller i eit anna høve, medan andre er her mange gonger i året.

**Aktivitet**

Av arrangement som IMS eller Brandøy sjølv har hatt ansvar for, har det vore 18 leirar. Dei andre helgene gjennom året er Brandøy leigd ut til lags- og forsamlingsweekendar, konfirmantleirar og skuleklassar – der fleire av desse kjem att år etter år. I tillegg har det vore både slektstreff, konfirmasjonar, leirskule og ei gruppe frå England.

Gjennom året har her vore 4 617 gjestedøger, og 587 personar på dagsbesøk. Dette er ein nedgang på om lag 20 % frå 2017, men på nivå med åra før det. Dei aller fleste helgene har vore utleigd, men det har vore færre deltakarar pr. gruppe enn før, noko som syner att på inntektssida.

Sommarens storsamling var i år lagt til Ølen, og Brandøy var involvert både i overnatting, servering og andre praktiske oppgåver. Tilstelllinga skapte mange gode relasjonar mellom Brandøy og lokale misjonsfolk som me har sett frukter av i ettertid.

**Utstyr/ Bygningar/ Uteområdet**

Den største oppgraderinga i 2018 var oppussing av matsal og møtesal, samt skifte av taket på hovudbygninga. Styret har òg brukt ein del tid på planlegging av oppussing av internatfløyane som byrjar i februar 2019.

Dugnad er ein av dei viktigaste aktivitetane i året for oss. Då får me god hjelp av trufaste Brandøy-vener, og får gjort mykje. I år hadde me dugnadsdagar lagt til januar, mai og oktober. Då fekk me gjort mykje i matsalen og møtesalen, samt noko målararbeid og anna vedlikehald.

Me har òg god hjelp frå fleire støttespelarar som stiller opp som vaktmeistrar, bakarar og vaskarar. Dette er me særs takksame for.

**Gåver**

Det er kome fleire flotte gåver gjennom 2018. Totalt om lag kr. 513 000,-. Lag og foreiningar har basarar gjennom året der inntekta vert gjeve til Brandøy, og ein stadig større del kyrkjeoffer kjem inn. I tillegg har me motteke ei arv, nokre minnegåver og gåver i samband med bursdagar.

Styret er glade for alle dei gåvene som kjem inn gjennom året. Dette viser ei gjevarglede og eit storsinn som varmar oss som har ansvar for plassen.

**Personalet**

Tilsette har i året vore Andreas (40 %) og Annbjørg Våge (80 %) som styrarpar. Daria Holowinska (100 %) har vore fast tilsett som kokk. Kristoffer H. Pedersen (60 %) har vore vikar medan Annbjørg har vore i foreldrepermisjon på hausten. I tillegg har me hatt fleire timetilsette som hjelper oss under tilstellingar: Celine Berntsen, Marianne Frestad, Rut Malene Løvik, Marita Nordtun og Barbro Sælevik.

**Rekneskap**

Rekneskapen syner eit driftsunderskot på kr. 262 609,-. Aktiviteten var noko redusert frå året før og ledig kapasitet er brukt på oppgradering og vedlikehald, og ein god del av utgiftene knyt seg til det. Kostøre pr. gjest er den same i 2018 som året før. I løpet av året er nytt tak, oppgradering av mat- og møtesal ført som investering med totalt kr. 1 360 393,-. Delar av denne investeringa er lånefinansiert.
2018 er siste år Brandøy juridisk er ein del av IMS sitt samla rekneskap. Frå 2019 vert verksemda omdanna til eige aksjeselskap. Styret har saman med IMS brukt ein del tid på desse prosessane.

**Takk**

Brandøystyret vil takka for alle gåver og støtte, all dugnadsinnsats som vert lagt ned, både gjennom dugnadshelger, vaktmeisterteneste og elles gjennom året. Takk til alle som bed for arbeidet på Brandøy. Det har i 2018 vore 4 styremøte og det er handsama 35 saker.

*Iren Sævik, formann*
*Otto Martinsen, nestformann*
*Aud Jorunn Baustad, styremedlem*
*Ingrid Tveit, styremedlem*
*Jan-Ove Fagerheim, styremedlem*
*Rakel Saghaug, 1. varamedlem*
*Ingfrid Byrkja Hystad, 2. varamedlem*
*Trond Stokken, 3. varamedlem*
*Guri Bjørnevik, IMS*
*Andreas C. Våge, dagleg leiar*
*Annbjørg N. Våge, nestleiar*






Venen 2019 - 3 første del.indd 34
10.05.2019 00:32:36

# Årsmelding for Framnes kristne vidaregåande skule 2018

## Styret
Styret var etter vala i representantskapsmøtet sett saman slik i 2018: Hans Arne Børsheim, leiar, Svein Ludvigsen, nestleiar, Jan Inge Wiig Andersen, styremedlem, Kirsti Angvik Frugård, styremedlem, Arne Lindekleiv, styremedlem, Kenneth Foss, 1. vara., Jostein Sandvik, 2. vara., Alvrunn Urangsæter Hagerup, 3. vara. Frå personalet har desse delteke: Andrea Hovstein Kruken, pedagogisk personale, May Brit Røyrvik, sørvispersonalet, Jorunn Gismarvik, elevrepresentant, Terje Svendsen, fylkeskommunen, Harald Voster rektor og sekretær for styret.

## Om verksemda
Framnes kristne vidaregåande skule er godkjend etter Lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova). Verksemda held til ved Norheimsund i Hordaland og er eigd av Indremisjonsforbundet og Indremisjonssamskipnaden.

Dei tilsette ved Framnes gjer ein stor innsats for å nå skulen si faglege og åndelege målsetjng. Det vert drive eit medvite arbeid for å utvikle og fornye skulen si pedagogiske verksemd. Me oppmodar også eigarane og misjonsfolket om å vere med Framnes i bøn og aktivt arbeid for at Framnes kan ha ein stab som deler indremisjonen sitt åndelege og faglege skulekall.

I 2018 har skulen 244 elevar. Dette er eit fint elevtal, men det kunne også vore høgare. Elevane arbeider godt med skulefaga, og me står fullt på høgde med den offentlege skulen når det gjeld resultata til standpunkt og eksamen. Dei siste åra har me hatt tilbod om leksemiljø, der elevane kan hjelpe kvarandre eller få hjelp av ein medelev som har dette som særskilt oppgåve. Det er også to tilsette som har som oppgåve å samtale med elevar som har behov for det om utanomfaglege ting. Her har skulen i tillegg eit godt samarbeid med både kommunale og fylkeskommunale ressurspersonar.

Framnes er ein skule med internat. Elevane som bur her får meir enn berre skulegangen, og me opplever å ha eit godt sosialt miljø. Miljøavdelinga ved skulen står for ei viktig side av dette arbeidet med å leggje til rette for gode og meiningsfulle aktivitetar på fritida. Me har også i 2018 hatt gode miljøarbeidarar, som er med på å gjere kvardagen til elevane god og innhaldsrik.

Det er faste møte på onsdagskveldane, og det møter mellom 60-100 elevar på det jamne. Me har hatt flest andaktshaldarar frå vår eigen organisasjon, men også nokre frå andre samanhengar. Det er elevane som står for musikk og song, og dei tek elles del i det praktiske rundt møteoppleget. Me er glade for at det er mange som deltek på møta.

Det vert lagt ned mykje arbeid i rekruttering, både av personalet, elevane og tidlegare elevar. I 2018 søkte i alt 355 elevar om plass ved skulen til skuleåret 2018/2019.

Skulen gler seg over det gode samarbeidet med eigarorganisasjonane. Me tykkjer det er flott når ein legg styremøte til skulen, og når tilsette ved skulen får møte styrerepresentantane. Det styrkjer fellesskapet mellom skule og eigar.

## Rekneskap
Rekneskapen for 2018 viser inntekter på kr. 52 048 432,-. Det ordinære årsresultatet for alle avdelingane er kr. 1 793 236,-. Skuledrifta viser eit overskot på kr. 462 299,-. Det er her teke omsyn til gåve på kr. 2 100 000,-. Unnateke denne gåva er resultatet -1 637 701,-. Anna drift har eit samla overskot på kr. 1 330 937,-. Gåver utgjer her kr. 55 581,-. Resultat utan gåve er kr. 1 275 357,-.

## Arbeidsmiljø
Arbeidsmiljøet er godt både fysisk og sosialt. Det er registrert sjukemeldingar med legeerklæring som utgjer 5,4 %.

## Likestilling
Den kvinnelege andelen av styret er 39 %. 76 % av sørvispersonellet er kvinner, og 40 % av det pedagogiske personellet er kvinner.

## Påverknad på det ytre miljøet
Framnes ureinar ikkje det ytre miljøet.

## Vilkår for framtidig utvikling
Rekneskapen viser eit overskot for skuleverksemda, gåver iberekna. For anna verksemd er det også eit overskot. På denne bakgrunnen er det vilkår både for å drive vidare og utvikle skulen framover.

## Resultatet for 2018
Skuledrifta sitt resultat på kr. -1 637 701,- vert dekka av bunden eigenkapital skuledrift.

Tilleggsverksemda sitt resultatet på kr. 1 275 356,- vert avsett til bunden eigenkapital for tilleggsverksemd. Resultatet av gåver på kr. 2 155 581,- vert sett av som fri eigenkapital.

*Hans Arne Børsheim*
*leiar*

*Svein Ludvigsen*
*nestleiar*

*Jan Inge Wiig Andersen*
*styremedleM*

*Kirsti Angvik Frugård*
*Styremedlem*

*Arne Lindekleiv*
*styremedlem*



Venen 2019 - 3 første del.indd 35 10.05.2019 00:32:36

# Indremisjonssamskipnaden

## Resultatrekneskap 2018

| Driftsinntekter | Note | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Gåver m.m. | | 4 578 916 | 4 101 969 | 4 649 611 | 5 170 117 | 5 331 381 | 4 105 664 |
| Leigeinntekter | | 189 786 | 199 392 | 225 468 | 210 660 | 193 200 | 193 600 |
| Anna driftsinntekt | | 696 791 | 704 439 | 618 253 | 251 365 | 637 834 | 424 200 |
| **Sum driftsinntekter** | | **5 465 493** | **5 005 800** | **5 493 332** | **5 632 142** | **6 162 415** | **4 723 464** |
| | | | | | | | |
| **Driftskostnader** | | | | | | | |
| Lønskostnader | 1 | 3 072 961 | 2 945 684 | 3 451 772 | 3 438 986 | 3 091 892 | 2 722 217 |
| Avskriving på varige driftsmiddel | 2 | 42 000 | 41 800 | 42 000 | 42 000 | 47 000 | 48 000 |
| Anna driftskostnad | 1 | 2 626 164 | 2 296 562 | 2 257 101 | 2 110 452 | 2 895 826 | 2 204 064 |
| **Sum driftskostnader** | | **5 741 125** | **5 284 046** | **5 750 873** | **5 591 438** | **6 034 718** | **4 974 281** |
| | | | | | | | |
| **Driftsresultat** | | **-275 632** | **-278 246** | **-257 541** | **40 704** | **127 697** | **-250 817** |
| | | | | | | | |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | | | | | |
| Renteinntekter | | 47 840 | 43 447 | 50 634 | 91 404 | 118 251 | 118 450 |
| Andre finansinntekter | | 6186 | 600 | 0 | 3300 | 600 | 17751 |
| Rentekostnad | | 116 | 0 | 0 | 0 | 116 | 63 |
| **Resultat av finanspostar** | | **53 910** | **44 047** | **50 634** | **94 704** | **118 735** | **136 138** |
| | | | | | | | |
| **Resultat før ekstraordinære postar** | | **-221 722** | **-234 199** | **-206 907** | **135 408** | **246 432** | **-114 679** |
| | | | | | | | |
| **Skattekostnad** | 7 | **2 444** | **6 112** | **716** | **5 682** | **5 257** | **2 844** |
| **Ordinært resultat** | | **-224 166** | **-240 311** | **-207 623** | **129 726** | **241 175** | **-117 523** |
| | | | | | | | |
| **Ekstraordinære inntekter og kostnader** | | | | | | | |
| Ekstraordinær inntekt | | 0 | 307 974 | 0 | 0 | 0 | 75 000 |
| Ekstraordinær kostnad | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 100 000 |
| **Sum ekstraordinære inntekter** | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -25 000 |
| | | | | | | | |
| **Årsresultat** | | **-224 166** | **67 663** | **-207 623** | **129 726** | **241 175** | **-142 523** |

## Balanse 2018

| Eigneluter | | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Eigedom | 2 | 1 197 000 | 1 239 000 |
| Inventar og utstyr | 2 | 100 | 100 |
| **Sum varige driftsmiddel** | | **1 197 100** | **1 239 100** |
| | | | |
| **Finansielle driftsmiddel** | | | |
| Aksjar | 6 | 159 000 | 134 000 |
| Lån til Brandøy | 4 | 400 000 | 500 000 |
| Lån til Helgatun | 4 | 2 350 000 | 2 200 000 |
| **Sum anleggsmiddel** | | **2 909 000** | **2 834 000** |
| | | | |
| **Sum anleggsmiddel** | | **4 106 100** | **4 073 100** |
| | | | |
| **Fordringar** | | | |
| Kundefordringar | 8 | 370 225 | 92 551 |
| Andre fordringar | 8 | 250 957 | 152 004 |
| **Bankinnskot og kontantar** | 3 | 4 079 511 | 4 800 739 |
| **Sum omløpsmiddel** | | **4 700 693** | **5 045 294** |
| | | | |
| **Sum eigneluter** | | **8 806 793** | **8 860 194** |

| Eigenkapital | | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Fri eigenkapital | 5 | 7 359 455 | 7 583 622 |
| Evangeliseringsfon | 5 | 291 088 | 291 088 |
| **Sum eigenkapital** | | **7 650 543** | **7 874 710** |
| | | | |
| **Gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | | 176 416 | 101 547 |
| Betalbar skatt | 7 | 3 192 | 4 019 |
| Skuldig trekk og off. avg. | | 392 663 | 395 767 |
| Påløpt ferieløn | | 536 979 | 510 336 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 47 000 | 235 893 |
| **Sum gjeld** | | **1 156 250** | **1 247 562** |
| | | | |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | | **8 806 793** | **9 122 272** |

Følg med på
IMS sine nettsider
**www.indremisjonen.no**




LIK OSS PÅ
facebook



Venen 2019 - 3 første del.indd 36 10.05.2019 00:32:37

# Notar til årsrekneskapen for Indremisjonssamskipnaden

**Note 1 Lønskostnadar og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor**

| Lønnskostnadar | 2018 | 2017 |
|---|---|---|
| Lønningar (netto etter refusjonar m.m.) | 2 624 473 | 2 571 675 |
| Arbeidsgjevaravgift | 75 685 | 71 928 |
| Pensjonskostnadar | 262 358 | 193 874 |
| Andre ytingar | 110 446 | 108 207 |
| **Sum** | **3 072 962** | **2 945 684** |
| Årsverk | 11,5 | 11,5 |
| **Dagleg leiar** | | |
| Lønn | 457 437 | 460 856 |
| Anna godtgjersle | 9 201 | 8 357 |
| **Styret** | 0 | 0 |
| **Revisor** | | |
| Revisjon | 47 000 | 34 500 |
| Andre tenester | 33 700 | 17 900 |

**Pensjonsforpliktingar**
IMS er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.
Det er oppretta pensjonsordningar som tilfredsstiller krava i lova.

**Note 2 Anleggsmiddel**

| | Eigedom | Inventar/utstyr | Sum |
|---|---|---|---|
| Innkjøpskostnad pr. 01.01.2018 | 2 026 900 | 27 113 | 2 054 012 |
| **= Innkjøpskostnad pr. 31.12.2018** | **2 026 900** | **27 113** | **2 054 012** |
| Akkumulerte avskrivingar 31.12.2018 | 829 900 | 27 013 | 856 912 |
| **= Bokført verdi 31.12.2018** | **1 197 000** | **100** | **1 197 100** |
| Ordinære avskrivingar dette året | 42 000 | | 42 000 |
| Økonomisk levetid | 48 år | 4 år | |

**Note 3 Bankinnskot**
Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr. 201 383. Dette dekker trekkansvaret.

**Note 4 Langsiktige fordringar**
Låna er delvis renteberekna.

**Note 5 Eigenkapital**

| | Annan eigenkapital | Evangeliseringsfond | Sum eigenkapital |
|---|---|---|---|
| Pr. 01.01.2018 | 7 583 622 | 291 088 | 7 874 710 |
| Brukt frå fond | | 0 | 0 |
| Årets resultat | -224 167 | | -224 167 |
| PR. 31.12.2018 | 7 359 455 | 291 088 | 7 650 543 |

**Note 6 Aksjar**
IMS eig 50% av aksjane i SunnBok AS. Dei er oppførte til kostpris som er kr. 122 500.
Øvrige aksjar utgjer mindre postar i ymse selskap.

**Note 7 Skattemessige tilhøve**
IMS sin utleige av eigdedom er skattepliktig verksemd. Av netto overskot betaler ein 23% skatt.
I tillegg betaler ein 0,15% formuesskatt av nettoformue knytta til den skattepliktige verksemda.

**Note 8 Kundefordringar og andre fordringar**
Alle fordringar er oppførte til pålydande verdi.


Venen 2019 - 3 første del.indd 37 10.05.2019 00:32:37

# Gåveliste 2018

| | 2018 | 2017 |
|---|---|---|
| **BØMLO KOMMUNE** | | |
| Bremnes Sokneråd | 4 473,00 | 8 458,00 |
| Bømlo Indremisjon | 10 000,00 | 28 000,00 |
| Bømlo Kvinneforening | 46 000,00 | 38 000,00 |
| Prosjekt Finnås | | 5 000,00 |
| Bømlo Minimaxs | 2 000,00 | 2 000,00 |
| Finnås Indremisjon | 4 067,50 | 6 540,00 |
| Håvik Kvinneforening | 5 900,00 | 6 500,00 |
| Meling Yngstes | 6 000,00 | |
| Gilje/Thormodsæter IM | 82 930,00 | 30 000,00 |
| Hiskjo Indremisjon | 42 000,00 | |
| Håvik Indremisjon | 18 850,00 | 27 990,00 |
| Laurhammer Indremisjon | 94 000,00 | 24 000,00 |
| Gilje Yngstes | 3 000,00 | 3 000,00 |
| Meling Indremisjon | 6 000,00 | 48 000,00 |
| Moster Indremisjon | 42 196,00 | 61 358,30 |
| Moster Sokneråd | 0,00 | 3 657,00 |
| **Sum** | **367 416,50** | **292 503,30** |
| Julemesse Bremnes | 155 000,00 | 163 000,00 |
| | | |
| **ETNE KOMMUNE** | | |
| Ebna Krins | 6 192,00 | 2 300,00 |
| Etne Sokneråd | 3 747,75 | |
| Frette krins | 1 851,00 | 1 502,00 |
| Markhus Krins | | 2 000,00 |
| Molnes Indremisjon | 20 300,00 | 7 000,00 |
| Rygg og Grindheim Kvinnef. | 1 850,00 | 4 650,00 |
| Etne Indremisjon | 505,00 | |
| Skånevik Indremisjon | 29 200,00 | 30 000,00 |
| **Sum** | **63 645,75** | **47 452,00** |
| | | |
| **FITJAR KOMMUNE** | | |
| Fitjar Indremisjon | 98 000,00 | 90 657,00 |
| Fitjar Kvinneforening | 44 740,00 | 50 039,00 |
| Klubben Fitjar | 4 000,00 | |
| Osterneset Kvinneforening | 21 202,00 | 15 876,00 |
| Osterneset Indremisjon | 18 237,00 | 17 691,00 |
| ImF Fitjar | 12 000,00 | |
| Stranda Indremisjon | 4 660,00 | 7 880,00 |
| Øvrebygda Indremisjon | 33 200,00 | 40 900,00 |
| **Sum** | **236 039,00** | **223 043,00** |
| | | |
| **JONDAL KOMMUNE** | | |
| Herand Indremisjon | 6 900,00 | 6 440,00 |
| Jondal Indremisjon | 65 000,00 | 60 000,00 |
| **Sum** | **71 900,00** | **66 440,00** |
| | | |
| **FUSA KOMMUNE** | | |
| Bogøy Indremisjon | 4 750,00 | 10 000,00 |
| Eikelandsosen Indremisjon | 9 565,00 | 10 408,00 |
| Fusa Sokneråd | 1 910,00 | 785,00 |
| Hålandsdal Yngre Kvinnefor. | 10 130,00 | 4 850,00 |
| **Sum** | **26 355,00** | **26 043,00** |
| | | |
| **GRANVIN HERAD** | | |
| Granvin Misjonslag | 20 604,00 | 21 822,00 |
| Granvin Sokneråd | 1 698,00 | 840,00 |
| **Sum** | **22 302,00** | **22 662,00** |

| | 2018 | 2017 |
|---|---|---|
| **KVAM HERAD** | | |
| Børsheim Indremisjon | 5 242,00 | 22 825,00 |
| Fosse Indremisjon | 3 480,00 | 8 490,00 |
| Gravdal Indremisjon | 3 581,00 | 2 500,00 |
| Norheimsund Indremisjon | 63 251,00 | 32 200,00 |
| Øystese Indremisjon | 8 272,00 | |
| Tørvikbygd Indremisjon | 23 000,00 | 25 000,00 |
| Ålvik Sokneråd | 599,00 | 860,00 |
| **Sum** | **107 425,00** | **91 875,00** |
| | | |
| **KVINNHERAD KOMMUNE** | | |
| Baugstranda og Åkra Ving | | 2 000,00 |
| Høylandsbygd Indremisjon | | 3 070,00 |
| Fjelberg og Eid Sokneråd | | 790,00 |
| Guddalsdalen Indremisjon | 10 600,00 | 18 530,00 |
| Haugland og Musland Kvinnefor. | 2 878,50 | |
| Holmedal Indremisjon | 20 000,00 | 20 000,00 |
| Husnes Indremisjon | 70 000,00 | 70 000,00 |
| Husnes og Holmedal Sokneråd | 8 398,87 | 6 808,00 |
| Borgundøy Indremisjon | 900,00 | 4 675,00 |
| Matre Krins | | 2 700,00 |
| Omvikdalen Indremisjon | 9 471,00 | 11 490,00 |
| Rosendal Indremisjon | 9 100,00 | 8 030,00 |
| Ølve Sokneråd | 815,00 | |
| Valen Kyrkjelydslag | 16 000,00 | |
| Kvinnherad Sokneråd | 2 556,00 | 3 402,00 |
| Sunde Indremisjon | 19 300,00 | 12 000,00 |
| Valen Misjonsforening | | 21 000,00 |
| Hatlestrand Sokneråd | 809,00 | |
| Småbarnstreff Uskedalen | 2 000,00 | 1 500,00 |
| Halsnøy Indremisjon | 13 930,37 | 28 899,00 |
